


# Uskikka for yrket

*Studenten sin rettstryggleik i  
skikkavurderingssaker etter universitets- og  
høgskulelova § 4-10*

Kandidatnummer: 23

Tal på ord:  
14 985



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.12.2018



# Innhald

1	Innleiing .....	5
1.1	Kva er skikkavurderingssaker etter uhl. § 4-10? .....	5
1.1.1	Saksgang ved institusjonane.....	6
1.1.2	Rettsverknader.....	7
1.2	Aktualiteten til temaet .....	8
1.3	Rettstryggleik.....	10
1.4	Den vidare oppbygginga av oppgåva .....	11
2	Rettskjelder og kontekst .....	12
2.1	Historikk .....	12
2.2	Rettskjelder og bruken av desse .....	13
2.2.1	Autoritative kjelder .....	13
2.2.2	Praksis .....	15
2.2.3	Tilgrensande lovføresegner .....	17
2.2.4	Akademisk litteratur .....	19
3	Materielle vurderingar i uhl. § 4-10 .....	20
3.1	Vilkåret «skikket».....	20
3.1.1	Ordlyden i uhl. § 4-10 .....	20
3.1.2	Føremålet med skikkavurdering.....	21
3.1.3	Terskel og overordna rammer for vurderinga .....	21
3.1.4	Konkretiserte vurderingskriterium .....	24
3.1.5	Utvida oppfølging og rettleiing .....	34
3.2	Kort om rettsverknadene .....	35
3.2.1	Val av reaksjonsform .....	36
3.2.2	Tidsavgrensing .....	37
3.3	Er uskikkavedtak straff? .....	39
4	Studenten sin rettstryggleik i skikkavurderingssaker.....	41
4.1	Kort om prosessuell rettstryggleik.....	41
4.2	Materiell rettstryggleik .....	42
4.2.1	Rettsvise.....	42
4.2.2	Domstolane sin prøvingsrett.....	43

4.2.3	Andre materielle rettstryggleikskrav .....	47
4.3	Konklusjon.....	48
5	Kjelder.....	50
5.1	Litteratur .....	50
5.2	Lover.....	52
5.3	Forskrifter .....	52
5.4	Forarbeid og andre offentlege dokument.....	53
5.5	Rettspraksis.....	54
6	Vedlegg .....	56
6.1	Vedlegg 1: Universitets- og høgskulelova § 4-10 .....	56
6.2	Vedlegg 2: Kriterium i skikkaforskrifta §§ 2–5 .....	57
6.3	Vedlegg 3: Lokal handsaming av skikkavurderingssaker per år.....	58

# 1 Innleiing

Temaet for denne oppgåva er skikkavurderingar etter universitets- og høgskulelova<sup>1</sup> (heretter uhl.) § 4-10. Spesielt vil eg ta føre meg spørsmålet om materielle reglar i skikkavurderingssaker vernar studenten sin rettstryggleik i tilstrekkeleg grad.

## 1.1 Kva er skikkavurderingssaker etter uhl. § 4-10?

Etter uhl. § 4-10 (1) har norske universitet og høgskular ei plikt til å vurdere om studentane i utvalde pedagogiske, helsefaglege og teologiske utdanningar er «skikket for yrket». Denne plikta gjeld for alle høgare utdanningsinstitusjonar<sup>2</sup> som tilbyr ei eller fleire av dei 27 utdanningane som er underlagt skikkavurdering, jf. Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning<sup>3</sup> (heretter skikkaforskrifta) § 1:

1. barnehage- og førskolelærerutdanning
2. Pedagogiske utdanningar som tilfredsstillar kravene til å bli tilsatt i undervisningsstilling i grunn- eller videregående skole, jf. kapittel 14 i forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova
3. audiograf (audiolog),
4. barnevernspedagog,
5. bioingeniør,
6. ergoterapeut,
7. farmasøyt (inkludert reseptar),
8. fysioterapeut,
9. jordmor,
10. klinisk ernæringsfysiolog,
11. lege,
12. optiker,
13. ortopediingeniør,
14. psykolog,
15. radiograf,
16. sosionom,
17. sykepleier,
18. tannlege,
19. tannpleier,

---

<sup>1</sup> Lov 15/2005.

<sup>2</sup> Det vil seie institusjonar som er omfatta av universitets- og høgskulelova, altså universitet, høgskular og vitskapelege høgskular, jf. uhl. § 1-2 jf. § 3-1. Når eg i teksten vidare omtalar «utdanningsinstitusjonen/-ane» eller berre «institusjonen/-ane» er det slike institusjonar eg viser til.

<sup>3</sup> FOR-2006-06-30-859.

20. tanntekniker,
21. vernepleier,
22. paramedicutdanning
23. profesjonsutdanningen i teologi
24. trafikk lærerutdanning
25. logopedutdanning
26. utdanninger i spesialpedagogikk
27. tolkeutdanningene i tegnspråk

Lista kan delast i tre grupper:<sup>4</sup> lærerutdanningane (nr. 1, 2, 24 og 26), teologiutdanninga (nr. 23) og helsefaglege høgare utdanningar som gjev grunnlag for autorisasjon<sup>5</sup> (nr. 3–22, 25 og 27).

### 1.1.1 Saksgang ved institusjonane

Saksgangen er regulert i skikkaforskrifta. Institusjonane skal vurderer studentane på dei aktuelle utdanningane løpande, jf. § 2 (2). Studentane skal få informasjon om skikkavurderingsregelverket ved starten av studiet, jf. § 6. Institusjonen skal ha ein ansvarsperson for skikkavurderingssaker, jf. § 8. Dersom det er grunngeven tvil om ein student er skikka, skal institusjonsansvarleg starta «særskilt skikkethetsvurdering», jf. § 2 (3). Slik særskilt skikkavurdering kan institusjonen starta av eige tiltak, eller på bakgrunn av ei skriftleg «tvilmelding» til institusjonsansvarleg frå tilsette, medstudentar eller andre som er i kontakt med studenten, jf. § 9 (1).

Studenten skal få skriftleg varsel om at ein har starta skikkavurdering, og skal kallast inn til ein vurderingssamtale om dette, jf. § 10 (1). Studenten skal vidare få tilbod om «utvidet oppfølging og veiledning». I løpet av denne perioden kan også institusjonsansvarleg avgjera at studenten ikkje får gjennomføra praksisundervisning før saka er avgjort.

Dersom det er «åpenbart» at utvida oppfølging og rettleiing ikkje vil hjelpa, jf. § 10 (1), eller dersom desse tiltaka er gjennomførte men ikkje har hjelpt, jf. § 10 (3), skal institusjonsansvarleg senda saka til ei eiga nemnd for skikkavurdering ved den aktuelle institusjonen, jf. §§ 7 og 11.

---

<sup>4</sup> Disse tre gruppene har noko ulike vurderingskriterium, sjå punkt 3.1.4 under.

<sup>5</sup> Jf. helsepersonellova (lov 64/1999) § 48. Lista i § 48 omfattar i tillegg yrke som ikkje krev høgare utdanning.

Skikkanemnda lagar så ei innstilling til institusjonen sitt styre eller klagenemnd der dei gjer greie for om dei meiner studenten er uskikka og kjem med forslag til eventuelt vedtak, jf. § 11 (3). Studenten skal ha høve til å uttala seg før møtet, jf. § 11 (2). Styret eller klagenemnda fattar så eit vedtak på bakgrunn av innstillinga, jf. § 12.

### 1.1.2 Rettsverknader

Dersom institusjonen finn grunnlag for det, så kan den «vedta at en student ikke er skikket for yrket», jf. uhl. § 4-10 (3). Ordlyden «ikke ... skikket» vert altså brukt både som det materielle vilkåret som må vera oppfylt og som verknaden av vedtaket. Konsekvensen av eit slikt vedtak er at studenten misser høvet til å få vitnemål, jf. føresetnadsvis uhl. § 4-10 (2), der det heiter at utferding av vitnemål «forutsetter at studenten er vurdert som skikket for yrket».

Ordlyden kan tilseia at institusjonen berre gjer ei vurdering av om dei faktiske vilkåra for å få vitnemål er oppfylt. Vedtaket vert då berre ei stadfesting av faktiske tilhøve. Dersom ein ser avgjerda i dette perspektivet kunne ein stilt spørsmål ved om den eigentleg endrar studenten sine rettar eller plikter, og følgjeleg om den er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova<sup>6</sup> (heretter fvl.) § 2 b). Spørsmålet har likevel ikkje stor praktisk tyding, då uhl. § 4-10 (4) uttrykkeleg slår fast at studenten kan klaga på vedtaket etter reglane i forvaltningslova. Klage på vedtak om at ein ikkje er skikka går til Felles klagenemnd, jf. uhl. §§ 4-10 (4) og 5-1 (7) jf. Forskrift om felles klagenemnd<sup>7</sup> § 1. Dette særskilte nasjonale klageorganet handsamar klagar over enkeltvedtak etter uhl. §§ 4-7–4-10.

I tillegg til tapet av høve til å oppnå vitnemål kan institusjonen samstundes fatta særskilt vedtak om at studenten skal utestengast frå utdanninga i inntil fem år, jf. uhl. § 4-10 (3) jf. skikkaforskrifta § 12 (2). Ved utestenging mistar studenten studieplassen sin ved institusjonen. Vedkomande mistar også retten til å studera den same utdanninga ved andre studiestader i løpet av utestengingsperioden, men kan framleis søka opptak til andre utdanningar, jf. uhl. § 4-10 (3) jf. § 4-12. I praksis vedtek institusjonane nesten alltid å utestenga studenten dersom dei først har fatta eit uskikkavedtak.<sup>8</sup>

---

<sup>6</sup> Lov 10. februar 1967.


<sup>7</sup> FOR-2005-10-10-1192.

<sup>8</sup> Det har berre vore fatta uskikkavedtak utan utestenging i 2 av 37 saker sidan 2007, jf. tal frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) sin database for statistikk om høgere utdanning (DBH). Sjå referanse og kommentarar til talmaterialet i punkt 1.2 like under.

## 1.2 Aktualiteten til temaet

Skikkavurderingsregelverket har eksistert i om lag same form som i dag sidan 2006.<sup>9</sup> Det har likevel lenge vore svært få skikkavurderingssaker ved norske utdanningsinstitusjonar, og mellom anna Universitets- og høgskolerådet (UHR) og Norsk studentorganisasjon (NSO) har uttrykt bekymring rundt dette.<sup>10</sup> Dei frykta at den vesle saksmengda var ein indikasjon på at utdanningsinstitusjonane sitt arbeid med slike vurderingar ikkje var godt nok, og at det fanst store mørketal fordi saker som burde handsamast etter skikkavurderingsreglane ikkje vart det.

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) har registrert data om skikkavurderingssaker frå og med 2007. I den første halvdel av perioden med datagrunnlag har talet på tvilsmeldingar som har vorte handsama av institusjonsansvarlege lege stabilt på om lag 50 saker i året på nasjonalt nivå (sjå figur 1 under).<sup>11</sup> I nyare tid har derimot talet på tvilsmeldingar auka kraftig, med ein foreløpig topp på 220 tvilsmeldingar i 2017.




Figur 1: Tal på tvilsmeldingar som vert handsama av institusjonsansvarlege per år.

<sup>9</sup> Sjå punkt 2.1 under.

<sup>10</sup> Sjå St.meld.13 (2011-2012) punkt 9.3.4 og Khrono (2017).

<sup>11</sup> Tala er mine egne uttrekningar etter å ha gått gjennom og lagt saman tala frå kvar institusjon sine individuelle årlege rapportar. (NSD/DBH, 260 rapportar som alle kan finnast på [https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/dokumenter\\_htmlRapport.action?undermeny=statistikk\\_dokumenter&tabellId=388&tabellId2=666](https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/dokumenter_htmlRapport.action?undermeny=statistikk_dokumenter&tabellId=388&tabellId2=666)], lasta ned 2.12.18). Tala frå 2007 til 2016 er frå rapportane. Tala frå 2017 fekk eg opplyst via e-post frå NSD. Då NSD ikkje har publisert nasjonale samanstillingar for dette materialet, men berre lenka direkte til institusjonane sine individuelle rapportar, må eg ta atterhald om moglege feilkjelder som manglande rapportar frå enkelte institusjonar for enkelte år.

2017 var også eit rekordår når det gjeld talet på saker som gjekk til handsaming i institusjonane sine egne skikkavurderingsnemnder. Tidlegare har det vore om lag 5 saker i året på nasjonalt plan, men i 2017 var det heile 24 (sjå figur 2 under). Auken i talet på saker har likevel ikkje medført ein proporsjonal auke i talet på utestengde studentar. Som figuren viser vart utfallet utestenging i berre 6 av dei 24 sakene.



Figur 2: Tal på saker som er handsama i skikkanemndene. I tillegg til sakene som er representerte med den grønne grafen har det vore to saker med vedtak om at studenten er uskikka, men ikkje utestengd; ei i 2012 og ei i 2015.

Som figurane viser har det på dei tre siste åra vore handsama om lag like mange tvilsmeldingar og like mange saker i skikkavurderingsnemndene som på dei åtte føregåande åra. Auken i tvilsmeldingar og auken i saker handsama i nemndene kan tilseia at institusjonane i større grad enn tidlegare nyttar skikkavurderingsregelverket. Det kan også vera eit utslag av at at varsling generelt har vorte sett på dagsorden i den offentlege debatten dei siste åra, til dømes gjennom den såkalla #metoo-rørsla.<sup>12</sup> Det er sjølv sagt også mogleg at den store auken i tvilsmeldingar i 2017 ikkje er uttrykk for ein generell tendens, og at dette berre var eit år som tilfeldigvis hadde uvanleg mange meldingar.

Sjølv om talet på tvilsmeldingar og talet på saker handsama av nemndene har gått opp, så har talet på utestengingar vore stabilt. Ein kan spørja seg om terskelen for å koma med tvilsmeldingar og å prøva saker i nemndene har gått ned, utan at terskelen for utestenging har

<sup>12</sup> Sjå til dømes Aftenposten (2017).

gjort det. Når omfanget av saker er så lite vil uansett individuell variasjon i faktum i sakene kunna føra til større utslag, så ein bør neppe lesa for mykje inn i resultatet av sakene.

### 1.3 Rettstryggleik

Nekting av vitnemål og utestenging av studentar er dei mest alvorlege tiltaka ein utdanningsinstitusjon kan gjera. I dei aller fleste tilfella vil eit slikt tiltak vera eit inngrep i retten til utdanning, ein menneskerett etter Grl. § 109.

Samstundes vil vurderinga av om studenten er «skikket for yrket» innehalda eit stort innslag av skjønn. Som me skal sjå under vil svært mange situasjonar, handlingar og eigenskapar kunna gjera at ein person ikkje er skikka. Gråsonene for kva tid ein er skikka eller ikkje vil kunna vera store. Meiningar om kva som skal til for å oppfylle vilkåret vil kunna variera frå person til person og over tid. Dommen i Rt-1906-316 kan nyttast som ein illustrasjon på det siste: I denne saka var spørsmålet mellom anna om ein kvinneleg lærar kunne seiast opp eller ikkje. Påstanden frå skulen ho arbeidde ved var at ho var uskikka for yrket på grunn av fråvere i samband med svangerskap. Det er klart at denne påstanden ikkje ville vera haldbar i dag. Utvikling i allmenne oppfatningar om kva som er «innanfor» eller «politisk korrekt» vil også påverka kva som gjer ein person «skikket for yrket».

Føremålet med å vurdere studentar som uskikka er å hindra at dei i framtida praktiserer yrke der dei kan koma i kontakt med og skapa fare for sårbare samfunnsgrupper som barn og pasientar.<sup>13</sup> Institusjonane må kunna utøva skjønn, fordi det vil vera umogleg å spesifisera alle moglege tilfelle som kan gjera studentar uskikka for yrket i lovtekst.

Dette resulterer i ei føresegn som legg opp til ei vurdering med sterke interesser på begge sider. På den eine sida er det sterke offentlege og private interesser i å hindra at sårbare personar hamnar i farlege situasjonar eller vert utsette for overgrep i framtida. På den andre sida står sterke private interesser på spel for studenten, som risikerer å mista høvet til å utdanna seg til det yrket som vedkomande sjølv trur han eller ho passar best til. Uskikka- og utestengingsvedtak kan også medføre økonomiske byrder for studenten, som no må endra og ofte forlenga utdanningsløpet sitt. Uskikkavedtak vert slik eit særleg sterkt inngrep i studenten si velferdsrettslege stilling.

---

<sup>13</sup> Sjå punkt 3.1.2.

Når verknadene av eit vedtak er store, og vurderingane bak vedtaket er skjønnsprege, stiller dette store krav til garantiar for at rettstryggleiken til den som vedtaket rettar seg mot vert ivareteken. Eg vil difor vurdere skikkavurderingsregelverket i eit rettstryggleiksperspektiv. Dette kjem eg tilbake til i del 4.

Skikkavurderingsreglane har både ei materiell side og ei sakshandsamingside. Ein gjennomgang av begge sider ville vore for omfattande for ei oppgåve av denne typen. Sakshandsamingsreglane er i stor grad bygde på dei alminnelege sakshandsamingsreglane i forvaltningslova, som har blitt drøfta utførleg i juridisk litteratur.<sup>14</sup> Eg har difor valt å hovudsakleg drøfta materielle sider og materiell rettstryggleik i skikkavurderingssaker. For å gje eit heilskapleg overblikk vil eg likevel innleiingsvis i del 4 kort kommentera reglar som sikrar prosessuell rettstryggleik der desse går lenger enn dei alminnelege reglane i forvaltningslova.

## **1.4 Den vidare oppbygginga av oppgåva**

I del 2 vil eg setja dei materielle vurderingane i skikkavurderingssaker inn i ein større kontekst. Først gjev eg eit oversyn over utviklinga til skikkavurderingsreglane fram til i dag. Så gjev eg eit oversyn over relevante rettskjelder for vurderinga av om studenten er «skikket» etter uhl. § 4-10.

I del 3 gjer eg greie for innhaldet i «skikket»-vilkåret i uhl. § 4-10 etter gjeldande rett. Eg kommenterer også dei moglege rettsverknadene for studenten dersom institusjonen vurderer studenten som uskikka.

I del 4 gjer eg ei evaluering av i kva grad skikkavurderingsregelverket i uhl. § 4-10 vernar studenten sin rettstryggleik. Eg konsentrerer meg som nemnt først og fremst om dei materielle reglane etter føresegna.

---

<sup>14</sup> Sjå til dømes Bernt og Rasmussen (2010) og Eckhoff og Smith (2014).

## 2 Rettskjelder og kontekst

### 2.1 Historikk

Skikkavurdering vart først introdusert som eit krav for lærarutdanningane i 1973.<sup>15</sup>

Institusjonen vurderte om kandidaten var skikka ved slutten av studiet. Dersom kandidaten var skikka fekk han eller ho såkalla lærarvitnemål, jf. den no oppheva lærarutdanningslova<sup>16</sup> §§ 5a og 24 (3).<sup>17</sup> Kandidatar som ikkje var skikka fekk i staden eit vitnemål for fullført lærarutdanning. Berre kandidatar med lærarvitnemål kunne tilsetjast som lærarar.<sup>18</sup>

Lærarutdanningane vart tekne inn i den første universitets- og høgskulelova<sup>19</sup> i 1999, og det vart samstundes gjeve ei ny føresegn om skikkavurdering i gamle uhl. § 54c. Skikkavurdering kunne no gjerast gjennom heile utdanningsløpet.<sup>20</sup> Ordninga med lærarvitnemål vart avvikla, fordi ein meinte den ville kunna «skape uklarhet» – no skulle berre kandidatar som var skikka få vitnemål, medan uskikka kandidatar berre skulle få karakterutskrift for dei emna dei hadde greidd.<sup>21</sup> Vidare fekk institusjonane heimel til å utestenga uskikka studentar frå studiet.<sup>22</sup> Sist, men ikkje minst, fekk departementet høve til i stor grad å regulera både vilkår for og verknad av skikkavurdering gjennom forskrift.<sup>23</sup> Ordlyden i føresegna er tilnærma identisk med ordlyden i dagens uhl. § 4-10. Mesteparten av regelutviklinga sidan den tid har skjedd gjennom forskriftsendingar.

I 2002 endra ein føresegna slik at ein ikkje lenger berre gjaldt for «lærarutdanningar», men for «enkelte utdanningar».<sup>24</sup> Kva for nokre utdanningar som var omfatta av skikkavurdering skulle no fastsetjast i forskrift. Lovendinga vart gjort etter at fleire høyringsinstansar i

---

<sup>15</sup> Gabrielsen (2004) s. 40.

<sup>16</sup> Lov 49/1973.

<sup>17</sup> Ved ein inkurie vart skikkavurderingsføresegna vedteken med identisk ordlyd i to lovføresegner, sjå Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 7.

<sup>18</sup> Ot.prp.nr.85 (1993–1994) s. 32.

<sup>19</sup> Lov 22/1995.

<sup>20</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 16.

<sup>21</sup> *Ibid.*

<sup>22</sup> *Ibid.* s. 10.

<sup>23</sup> *Ibid.* s. 16.

<sup>24</sup> Føresegna fekk også nytt paragrafnummer, gamle uhl. § 42b.

lovrevisjonane i 1999 og 2002 etterlyste ei skikkavurderingsføresegn for fleire utdanningar, spesielt for helsefaglege utdanningar.<sup>25</sup>

I praksis fekk likevel berre lærarutdanninga ei forskrift om skikkavurdering<sup>26</sup> med heimel i denne føresegna. Den faktiske utvidinga kom først i 2006, då med heimel i § 4-10 i dagens universitets- og høgskulelov. Det vart laga ei felles forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning<sup>27</sup> med ein § 1 som definerte verkeområdet i ei liste over utdanningar.<sup>28</sup> Med skikkaforskrifta vart verkeområdet til uhl. § 4-10 utvida til å gjelda både lærarutdanningar og helsefaglege utdanningar.

Skikkaforskrifta vart endra i 2016.<sup>29</sup> Verkeområdet til forskrifta vart utvida, og teologiutdanninga fekk no eigne vurderingskriterium i § 5. Ein utvida også den maksimale utestengingsperioden for uskikka studentar etter § 12 frå tre til fem år.<sup>30</sup>

## 2.2 Rettskjelder og bruken av desse

Heimelen for å vurdera nokon som uskikka er uhl. § 4-10, men fleire andre kjelder enn lovtæksten er naudsynte for å gjera greie for gjeldande rett på området. Alle kjeldene vil verta tolka ut frå ordinær norsk juridisk metode.<sup>31</sup>

### 2.2.1 Autoritative kjelder

Som på mange område i forvaltningsretten er mykje av rettskjeldematerialet utvikla av forvaltninga sjølv. Uhl. § 4-10 er som nemnt ei vidareføring av tidlegare skikkavurderingsføresegner, og forarbeida til desse føresegnene er alle relevante for tolkinga av dagens regel.<sup>32</sup> Spesielt viktige er forarbeida til gamle uhl. § 54c i Ot.prp.nr.77 (1997-1998), då ein med denne lovendringa vedtok ordlyden som i stor grad er vidareført i dagens lovføresegn. Vidare er som nemnt store deler av skikkavurderinga regulert i skikkaforskrifta,

---

<sup>25</sup> Sjø Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 10, der forslaget om utviding til helsefaglege utdanningar ikkje vart teke til følgje fordi ein ville venta på ny lov om helsepersonell, og Ot.prp.nr.40 (2001–2002) s. 33–34.

<sup>26</sup> FOR-1999-08-16-946.

<sup>27</sup> Skikkaforskrifta, FOR-2006-06-30-859.

<sup>28</sup> Lista var først formelt regulert i ei eiga, separat forskrift (FOR-2005-10-07-1109), og § 1 i skikkaforskrifta viste til denne. Frå og med 18.07.2016 er § 1 sjølvstendig heimel for lista, jf. FOR-2016-06-17-682.

<sup>29</sup> Endringsforskrifter FOR-2016-06-17-678 og FOR-2016-06-28-830.

<sup>30</sup> Kunnskapsdepartementet (2015) s. 12–13.

<sup>31</sup> Sjø til dømes Monsen (2012) eller Taraldrud (2018).

<sup>32</sup> Dei viktigaste er Ot.prp.nr.77 (1997-1998), Ot.prp.nr.40 (2001–2002), NOU 2003:25 og Ot.prp.nr.79 (2003-2004).

slik at også denne er svært viktig i bruken av føresegna. I tillegg har departementet laga to rundskriv om skikkavurdering – eitt samstundes med fastsetjinga av skikkaforskrifta i 2006 og eitt samstundes med endringane i 2016<sup>33</sup> – og desse fungerer i praksis som forarbeid til skikkaforskrifta for å klargjera korleis den skal tolkast.

Rettskjeldemessig har rundskriv lite vekt i seg sjølv. I motsetnad til lovtekst og forskrifter er dei retningsliner meint for intern bruk, så innhaldet er ikkje rettsleg bindande.<sup>34</sup> I praksis har nok desse to rundskriva likevel ei viss tyding for tolkinga av gjeldande rett: Det er som nemnt få skikkavurderingssaker ved dei fleste norske utdanningsinstitusjonar, så det er rimeleg å gå ut frå at det finst få lokale rutinar. Lokale sakshandsamarar vil difor truleg i stor grad støtta seg på rettleiinga som rundskriva gjev dei. Dette ser ein også Felles klagenemnd sine avgjerder.<sup>35</sup> Nemnda siterer rundskriva i fleire tolkingsspørsmål, og legg ofte stor vekt på desse. Rundskriva sine føringar kan slik vera med på å styra forvaltninga sin praksis, og ut frå likehandsamingssynspunkt kan denne praksisen igjen ha ei viss vekt i tvilstilfelle.

Tolkinga av skikkavurderingsføresegna vert også påverka av at retten til utdanning er ein menneskerett etter norsk lov. Dette følgjer mellom anna av Grunnlova § 109 første avsnitt første setning. I andre avsnitt heiter det vidare at «Dei statlege styresmaktene skal sikre ... likt høve til høgare utdanning på grunnlag av kvalifikasjonar». Ordlyden «likt høve» viser at staten skal sikra eit mest mogleg rettferdig system for utveljing: ein skal kunna studera dersom ein har kvalifikasjonane for det, uavhengig av religion, etnisitet og andre personlege eigenskapar.<sup>36</sup> I utgangspunktet kan ein altså ikkje nekta nokon å studera dersom dei kan visa at dei er kvalifiserte, noko ein normalt gjer gjennom opptaksprosessen som mellom anna er regulert i uhl. § 3-6. Unntak frå utgangspunktet krev heimel i lov, jf. Grl. § 113. Unntak vil også medføra eit vesentleg inngrep i personen sine rettar, og vil slik gjera at terskelen for å gjera inngrep vert høgare og at krava til grunngjeving for vedtaket aukar, jf. til dømes Rt-1981-745, Rt-2000-1056 og Rt-2000-1066. Menneskeretten til utdanning følgjer også av EMK P1. art. 2. og kjem også til uttrykk i uhl. § 3-10 og i opplæringslova<sup>37</sup> § 3-1.

---

<sup>33</sup> Høvesvis F-2006-14 og F-2016-7.

<sup>34</sup> Taraldrud (2018) s. 114–115.

<sup>35</sup> Sjå like under.

<sup>36</sup> Dok.nr.16 (2011–2012) s. 226.

<sup>37</sup> Lov 61/1998.

Også EMK art. 6 om rettferdig rettargang med tilhøyrande rettspraksis kan koma inn som ein tolkingsfaktor i enkelte saker, jf. menneskerettslova<sup>38</sup> (heretter mrl.) § 2. Forvaltningsrettslege sanksjonar kan i enkelte tilfelle vera innanfor konvensjonen sitt vilkår «criminal charge», ut frå ei vurdering av dei såkalla Engel-kriteria,<sup>39</sup> og dette vil i så fall kunna påverka beviskravet for vurderinga.

## 2.2.2 Praksis

### Nemndspraksis

Eg har fått avgrensa innsyn i vedtaksgrunngevingane for alle sakene om skikkavurderingar som har vore oppe i Felles klagenemnd, totalt 18 saker per oktober 2018. Enkelte opplysningar var sladda, mellom anna studentane sine kjønn og kva for ein institusjon dei studerte ved. Under har eg laga ei enkel oversikt over sakene.

---

<sup>38</sup> Lov 30/1999.

<sup>39</sup> Frå EMD-dommen *Engel m.fl. mot Nederland* (EMD-1971-5100).

Nummer	FK-saksnr.	Utdanning	Vedtak i førsteinstans	Vedtak i Felles klagenemnd	Aktuelle kriterium i skikkaforskrifta
FK01	07/2009	Sjukepleiar	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 4 b, e, g, h
FK02	12/2009	Bioingeniør	Utestenging 2 år	Oppheving <sup>a</sup>	§ 4 b, c
FK03	07/2010	Lærer	Utestenging 3 år	Oppheving <sup>a b c</sup>	§ 3 c, f
FK04	11/2011	Sjukepleiar	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 4 f, g, h
FK05	12/2011	Lærer	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 3 a, c, f
FK06	13/2012	Sjukepleiar	Utestenging 3 år	Oppheving <sup>a b</sup>	§ 4 b, e, f, h
FK07	41/2012	Lærer	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 3 a, b, d, e
FK08	07/2013	Lærer	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 3 a, b, d, e, f, g
FK09	25/2015	Psykolog	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 4 e, h
FK10	47/2015	Sjukepleiar	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 4 b, c, f, g
FK11	33/2016	Barnehagelærer	Utestenging 3 år	Oppheving <sup>b</sup>	§ 3 f
FK12	44/2016	Sjukepleiar	Utestenging 3 år	Oppheving <sup>a c</sup>	§ 4 b, f, g, h
FK13	46/2016	Førskulelærer	Utestenging 3 år	Oppheving <sup>b</sup>	§ 3 a, b
FK14	12/2017	Psykolog	Utestenging 3 år	Utestenging 3 år	§ 4 a, b, c, e, f, g, h
FK15	41/2017	Sjukepleiar	Utestenging 5 år	Oppheving <sup>a</sup>	§ 4 g, h
FK16	62/2017	Sjukepleiar	Utestenging 5 år	Utestenging 3 år	§ 4 a, b, c, d, e, f, g, h
FK17	55/2018	Tannpleiar	Utestenging 5 år	Utestenging 3 år	§ 4 a, b, e, f, g, h
FK18	64/2018	Lærer	Utestenging 5 år	Utestenging 2 år	§ 3 c, d, f, g, h

Merk: maksimal utestengingsperiode for sakene 1–14 var 3 år, då saksgangen starta før forskriftsendringa 1. juli 2016. Sak 15–18 er handsama etter nyaste versjon av skikkaforskrifta.

Opphevingsgrunnar:

<sup>a</sup> Ikkje dokumentert tilstrekkeleg utvida oppfølging og rettleiing, jf. skikkaforskrifta § 10 (1).

<sup>b</sup> Materielle vilkår/vurderingskriterium for uskikkavedtak ikkje oppfylte, jf. skikkaforskrifta § 2 jf. § 3/4/5.

<sup>c</sup> Utestengingsvedtak fatta av feil instans ved institusjonen, jf. §§ uhl. § 4-10 (4)

Tabell 1: Oversikt over skikkavurderingssaker handsama av Felles klagenemnd.

Praksis frå klagenemnda har, som rundskriv, svært lite vekt som rettskjelde. Nemnda sine avgjerder har ikkje rettsleg prejudikatverknad, så institusjonane treng ikkje å respektera tolkingane til nemnda utover den konkrete saka. Nemnda sine vurderingar er heller ikkje bindande for domstolane, som kan prøva alle sider av vedtaket etter uhl. § 4-11 (3).

Sakene er ikkje tilgjengelege utan at ein ber om innsyn, og dei har difor også liten «faktisk» prejudikatverknad, i alle fall ikkje for andre institusjonar enn den som er part i saka.

Institusjonane kan ikkje enkelt sjå til klagenemnda sine tidlegare saker for rettleiing dersom dei er usikre på tolking eller framgangsmåte i ei konkret sak. Nemndsavgjerdene kan likevel vera pedagogisk nyttige i denne oppgåva for å illustrera kva for nokre problemstillingar og tolkingar som kan vera aktuelle. Dei kan også illustrera rettskjeldebruken og -vektinga til

forvaltninga. Når eg viser til saker seinare vil eg nytta mi eiga nummerering (kolonna ytterst til venstre i tabellen).

Nemnda sine avgjerder kan nok likevel ha ein indirekte verknad på rettstilstanden over tid, gjennom at departementet kan sjå til nemndspraksis når det gjer forskriftsendingar.

## **Rettspraksis**

Når mengda av skikkavurderingssaker er så lita er det ikkje overraskande at det ikkje eksisterer høgsterettspraksis om uhl. § 4-10. Tre av dei nemnde sakene, FK04, FK05 og FK09 har fått ei endeleg avgjerd i ein underrett.<sup>40</sup>

Underrettsdommar har ikkje prejudikatverknad slik høgsterettsdommar har. Dei kan likevel ha ein verdi i at dei illustrerer korleis konkrete skikkavurderingssaker kan løysast rettsleg. Dommane som er nemnde over kan truleg også ha ein viss sjølvstendig presedensverknad fordi dei er dei einaste dommane om temaet, og fordi det enno ikkje finst nokon høgsterettspraksis. Spesielt gjeld dette lagmannsrettsdommen i sak FK09, som i motsetnad til dommane i dei to andre sakene er tilgjengeleg via Lovdata og dermed er tilgjengeleg for fleire.

### **2.2.3 Tilgrensande lovføresegner**

I tolkinga av uhl. § 4-10 kan det også vera nyttig å sjå til tolkingar av tilgrensande føresegner. Dersom føresegnene har vurderingar som er nokså like materielt, kan tolkingar av desse ha ei viss vekt i tvilstilfelle ut frå omsynet til samanheng i rettssystemet. På same måte kan føresegner med om lag same rettsverknad som føresegna ein tolkar kunna seia noko om kvar terskelen ligg for at vilkåra skal vera oppfylte før rettsverknaden normalt slår inn. Som med fleire av kjeldene som allereie er nemnde vil retts- og nemndspraksis knytt til desse ikkje ha rettskjeldemessig vekt i tolkinga utover den nytten dei kan ha som illustrasjon på korleis enkelte tolkingar kan slå ut i praksis.

Dei føresegnene som materielt har mest til felles med skikkavurderingsføresegna i uhl. § 4-10 er helsepersonellova (heretter hpl.) §§ 48a og 57. Førstnemnde inneheld vilkår for å få

---

<sup>40</sup> Høvesvis Bergen tingrett si sak 11-106739TVI-BBYR/01, Oslo tingrett si sak 11-126703TVI-OTIR/05 og Frostating lagmannsrett si sak 16-108669ASD-FROS. I samband med sistnemnde, sjå også Sør-Trøndelag tingrett si sak 15-139711TVI-STRO og avvist anke til Høgsterett, HR-2017-1620-U.

autorisasjon som helsepersonell, og sistnemnde inneheld vilkår for å tilbakekalla slik autorisasjon. Eitt av krava for å få autorisasjon er at ein ikkje er «uegnet» for yrket, jf. § 48a (2) b). Motsetnadsviis er det at ein er «uegnet» for yrket eit vilkår for å mista autorisasjonen etter § 57 (1). Innhaldet i vilkåret er det same i dei to føresegnene.<sup>41</sup> Etter desse føresegnene kan ein missa autorisasjonen dersom ein er «uegnet» til å utøva helsefaglege yrke forsvarleg på grunn av alvorlege fysiske eller psykiske problem, rusbruk, mangel på fagleg innsikt, uforsvarleg verksemd, grove pliktbrott eller åtferd som er usemjande med yrkesutøvinga, jf. § 57 (1). Som me skal sjå i del 3 liknar fleire av desse kriteria på kriteria for at studenten er «uskikka» etter uhl. § 4-10.

Når det gjeld føresegner med same rettsverknad som uhl. § 4-10, finst det ingen andre reglar som heimlar vedtak om at studenten er uskikka, men fleire reglar som heimlar utestenging av studentar.<sup>42</sup> Kva som ligg i å verta utestengt varierer mellom føresegnene. For det første kan ein verta utestengt frå all høgare utdanning i Noreg i inntil eitt år dersom ein opptrer grovt klanderverdig, jf. § 4-8 (1); fuskar på eksamen, jf. § 4-7 (1) b) jf. § 4-8 (3); eller skaffar seg tilgang til eksamen med falskt vitnemål eller liknande, jf. § 4-7 (1) a) jf. § 4-8 (3). For det andre kan ein verta utestengt frå alle utdanningar som har praksisstudium eller klinisk undervisning i inntil tre år dersom ein overfor sårbare brukargrupper opptrer grovt klanderverdig, skapar fare for liv eller helse eller gjer grove brott på teieplikta, jf. § 4-8 (2). For det tredje kan ein verta utestengt<sup>43</sup> frå praksisstudium eller klinisk undervisning dersom ein ikkje kan leggja fram godkjent politiattest i utdanningar der ein kjem i kontakt med mindreårige eller i utdanningar til yrke som også har krav om politiattest, jf. § 4-9 (1)–(3) jf. politiregisterlova<sup>44</sup> § 39 (1). Også studentar som er sikta eller tiltalte for visse straffbare handlingar kan utestengast frå slik undervisning fram til saka er avgjort, jf. § 4-9 (4) jf. politiregisterlova § 39 (1).

---

<sup>41</sup> Prop.99 L (2014–2015) s. 9 og 17.

<sup>42</sup> Føresegnene om dokumentfalsk og fusk i §§ 4-7 og 4-8 nyttar ordlyden «kandidaten», medan dei andre føresegnene eg viser til nyttar ordlyden «studenten». Skilnaden er at «kandidaten» omfattar ph.d.-kandidatar i tillegg til studentar, jf. Ot.prp. nr. 71 (2008–2009) s. 32.

<sup>43</sup> Bernt (2016) s. 146 tar til orde for å heller kalla dette «utelukkelse», sidan studenten ikkje mistar studieretten, berre retten til å delta på visse former for undervisning.

<sup>44</sup> Lov 16/2010.

## 2.2.4 Akademisk litteratur

Ei utfordring i tolkinga av uhl. § 4-10 er at det er skrive svært lite i norsk juridisk teori om høgare utdanningsrett generelt og om skikkavurderingar spesielt. Hittil er det berre skrive éin juridisk artikkel om uhl. § 4-10.<sup>45</sup> I tillegg finst det ein rapport om skikkavurderingssystemet frå Universitets- og høgskolerådet,<sup>46</sup> samt nokre få bøker og artiklar om skikkavurdering i pedagogfagleg og psykologfagleg perspektiv.<sup>47</sup> Nyttig litteratur om tilgrensande lovføresegner er to artiklar om fusk etter uhl. § 4-7<sup>48</sup> og lovkommentarar til helsepersonellova.<sup>49</sup>

I tillegg til artikkelen om uhl. § 4-10 har spesielt Bernt sine lovkommentarar til universitets- og høgskulelova vore nyttige for mi oppgåve.<sup>50</sup> Denne litteraturen kan likevel berre gje eit avgrensa bidrag til tolkinga, då kommentarane rettar seg mot lovteksten i § 4-10 medan skikkaforskrifta ikkje er kommentert særskilt. I store deler av drøftinga mi har eg difor måtta støtta meg på mi eiga tolking av rettskjeldene åleine.

---

<sup>45</sup> Taraldrud (2016).

<sup>46</sup> Ohnstad m.fl. (2011).

<sup>47</sup> Gabrielsen (1993), Gabrielsen red. (2004), Lorentzen (2006), Gabrielsen og Naustdal (2015) og Sundby (2018).

<sup>48</sup> Unneberg (2012) og Spjelkavik og Strandbakken (2013).

<sup>49</sup> Befring og Ohnstad (2010).

<sup>50</sup> Bernt (2000, 2006, 2016).

## 3 Materielle vurderingar i uhl. § 4-10

### 3.1 Vilkåret «skikket»

I denne delen vil eg gå gjennom dei materielle vurderingane av vilkåret «skikket» i uhl. § 4-10. Etter andre avsnitt i føresegna er det eit vilkår at studenten er «skikket» for yrket for at vedkomande skal kunna få vitnemål for fullført utdanning. Etter tredje avsnitt kan institusjonen vedta at studenten ikkje er «skikket» for yrket, og den kan eventuelt også vedta at studenten vert utestengt frå studiet.

Spørsmålet vert difor kva som skal til for at studenten ikkje er «skikket» for yrket etter føresegna.

#### 3.1.1 Ordlyden i uhl. § 4-10

Ordlyden «skikket» tilseier isolert at ein skal vurdera om studenten er eigna for å gjennomføra den aktuelle jobben, men spesifiserer ikkje om det er tale om å vera eigna ut frå fagleg kompetanse, personlege eigenskapar eller begge deler. Truleg er både faglege og personlege eigenskapar omfatta, då ein vanlegvis treng begge for å kunna utføra eit yrke på ein tilfredstillande måte.

Ordlyden spesifiserer at studenten må vera skikka for «yrket». Utdanningsinstitusjonen må altså vurdera studenten sine faglege og personlege eigenskapar i eit framtidsperspektiv: Har eller manglar studenten eigenskapar som gjer at vedkomande ikkje vil kunna praktisera det aktuelle yrket etter fullført utdanning? At «yrket» er målestokken for om studenten er skikka medfører også at studentar som ikkje er skikka for å gjennomføra *studiet* fell utanfor ordlyden, i alle fall dersom det som gjer dei uskikka for studiet ikkje også gjer dei uskikka for yrket.

Etter dette kan ein seia at føresegna etter ordlyden rammar alle studentar som har eller manglar eigenskapar som gjer at dei ikkje kan praktisera yrket dei utdannar seg til. Ordlyden må likevel tolkast i lys av dei andre rettskjeldene, og spørsmålet er om desse tilseier ei innskrenking av verkeområdet. Det må for det første avgjerast kvar terskelen går for at studenten skal vera uskikka, og for det andre kva slags typar åtferd som kan grunngje eit slikt vedtak.

### 3.1.2 Føremålet med skikkavurdering

Føremålet med skikkavurdering går fram av forarbeida og av skikkaforskrifta § 2. I sistnemnde heiter det at føremålet er å «avdekke om studenten har de nødvendige forutsetninger for å kunne utøve yrket». Studenten er uskikka for yrket dersom vedkomande «utgjør en mulig fare for liv, fysisk og psykisk helse, rettigheter og sikkerhet til de pasienter, brukere, barnehagebarn, elever, eller andre studenten vil komme i kontakt med under praksisstudiene eller under fremtidig yrkesutøvelse». I forarbeida heiter det at ein skal gjennomføra skikkavurdering for å hindra at studentar «begår overgrep mot elever, barnehagebarn, pasienter og klienters rettigheter, helse og sikkerhet».<sup>51</sup> Hovudføremålet med skikkavurdering er altså å verna sårbare samfunnsgrupper mot mogleg fare både på kort og lang sikt. Omsynet til studenten sin rettstryggleik må vegast opp mot dette føremålet.

### 3.1.3 Terskel og overordna rammer for vurderinga

I forarbeida til skikkavurderingsregelen for lærarstudentar i gamle uhl. § 54c uttalte Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet at vurderinga av om ein person var «skikket» skulle vera «en helhetsvurdering som både omfatter faglige, pedagogiske og personlige forutsetninger for å kunne fungere som lærer».<sup>52</sup>

Dette samsvarer med ordlydstolkinga over: skikkavurderinga skal famna breitt, og både faglege og personlege føresetnader kan danna grunnlag for vurderinga. Slik viser forarbeida at skikkavurderinga famnar vidare enn andre vurderingsformer i utdanningssystemet: Når institusjonen til dømes set karakter på eksamenen til studenten, så vurderer den om studenten har oppnådd kompetanse som institusjonen tilbyr. Ved å vurdera studenten sine «personlige forutsetninger» for yrket, kan institusjonen koma til å vurdera eigenskapar som den sjølv ikkje kan påverka gjennom undervisning eller rettleiing:

Som hovedregel vil de forhold som vurderes knytte seg til selve studiesituasjonen, men man kan også tenke seg at forhold eller hendelser som har skjedd utenfor studiesitasjonen blir tillagt vekt, foreksempel voldshandlinger som har skjedd på fritiden. Man må også kunne vektlegge forhold som studenten ikke har «skyld» i, slik som alvorlige rusproblemer eller psykiske lidelser. I utgangspunktet vil forhold som er knyttet til selve praksisperioden ikke alene kunne føre til at studenten blir vurdert som ikke skikket, dersom studenten har bestått praksisperioden. På samme

---

<sup>51</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 9.

<sup>52</sup> *Ibid.* s. 15.

måte vil det at man blir midlertidig utestengt etter § 42<sup>53</sup> ikke i seg selv innebære at studenten er uskikket. Men slike forhold kan være momenter som blir tillagt vekt i en vurdering av studentens skikkethet.<sup>54</sup>

Sjølv om dette viser at eit svært breitt spekter av ulike moglege tilhøve kan oppfylla vilkåret «ikke ... skikket», presiserer departementet likevel at føresegna sjeldan skal brukast. Skikkavurdering er meint som «en sikkerhetsventil som bare benyttes i helt spesielle tilfeller».<sup>55</sup> Institusjonen vurderer normalt studentane sine dugleikar «gjennom eksamener, prøver og praksis som må bestås. ... Skikkethetsvurderingen kommer i tillegg til disse former for prøving av studentens kvalifikasjoner.»<sup>56</sup>

For det første viser dette at terskelen for å vurdera studenten som ikkje «skikket» må vera svært høg. Dette følgjer også av retten til utdanning: ved å vurdera studenten som uskikka gjer ein eit inngrep i studenten sin rett til å velja utdanningsveg sjølv. Dette kan samanliknast med autorisasjonsinndraging etter hpl. § 57. Terskelen for autorisasjonsinndraging er høgare enn for ei ordinær oppseiing, fordi ein ved slik inndraging også påfører helsearbeidaren eit yrkesforbod.<sup>57</sup>

For det andre viser dei siterte forarbeida at vurderinga av om studenten er «skikket» må avgrensast mot den ordinære prøvinga av studentane gjennom eksamen, prøvar og praksis.

Når skikkavurderinga vert omtala som ein «sikkerhetsventil» som «kommer i tillegg» til dei andre formene for prøving av kvalifikasjonar, kan det stillast spørsmål om kva tid det er rom for å setja i verk ei skikkavurdering. Tyder dette at ein ikkje kan vurdera om studenten er skikka før ein allereie har gjort dei andre formene for prøving, eller kan ein også vurdera om studenten er skikka før ein veit om studenten vil stå på eksamen eller greia praksisdelen?

I den første skikkaregelen for lærarutdanninga i lærarutdanningslova §§ 5a og 24 (3) heitte det at institusjonen først «ved slutten» av utdanninga skulle «ta endeleg stilling til om kandidaten er skikka». Denne regelen er den første forløparen til uhl. § 4-10, noko som kan tilseia at ein

---

<sup>53</sup> Tilsvarande dagens uhl. § 4-8, sjå punkt 2.2.3 over.

<sup>54</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 9–10.

<sup>55</sup> *Ibid.* s. 10.

<sup>56</sup> *Ibid.* s. 15.

<sup>57</sup> Befring og Ohnstad (2010) s. 393.

også etter dagens lov berre skal vurderer om studenten er skikka dersom vedkomande først har greidd alle ordinære prøvar.

Ut frå ei slik tolking vil skikkavurderinga fungera som ei avsluttande prøving, som komplementerer dei ordinære prøvingane av faglege kunnskapar med ei særskild vurdering av om studenten er personleg eigna. Dersom denne tolkinga skal leggjast til grunn, vil prøvinga heller ikkje kunna vektleggja faglege eigenskapar i særleg stor grad, då ein må gå ut frå at desse eigenskapane allereie er vurderte gjennom ordinære prøvar.

Forarbeida til den nyare versjonen av regelen i gamle uhl. § 54c viser likevel at ein såg behov for å kunna vurderer studentane også før dei hadde gjennomført utdanningsløpet:

Normalt vil vurderingen av studentenes skikkethet foretas på grunnlag av fullt gjennomført utdanningsløp. Da har student som ikke består praksis i første forsøk adgang til å gjennomføre ny praksisperiode. Men i unntakstilfelle, der det foreligger situasjoner som tilsier at det er behov for å avklare skikkethet i forhold til videre studieløp og praksis, foreslår departementet at vedtak om at en student ikke er skikket, også kan skje underveis i studiet. Dette vil etter departementets syn være hensiktsmessig både for studenten, institusjonen og øvingsinstitusjonen.<sup>58</sup>

Etter dette kan ein ikkje lenger tolka inn eit krav om at studenten må ha greidd ordinære prøvar før ein vurderer om vedkomande er skikka. Omtalen av skikkavurdering undervegs i studieløpet som eit «unntakstilfelle» viser likevel at skikkavurderinga normalt skal gjerast mot slutten av studiet. Dette tilseier også at ein må tolka inn ein varierende terskel i vurderinga av om studenten er uskikka, slik at terskelen vert gradvis lågare jo lenger ut i studieløpet studenten er. Ein student i starten av utdanninga kan ikkje ventast å ha like store føresetnader for å vita kva som er akseptabel åtferd som det ein student i slutten av utdanninga har. På same måte vil ein student seint i utdanninga ha gått gjennom fleire ordinære former for prøving enn ein student i starten av utdanninga. Jo fleire former som er prøvd, jo meir akseptabelt vert det å nytta tryggingssystemer meint for unntakstilfelle. Ein slik varierende terskel ser ut til å vera nytta i praksis, som til dømes i Felles klagenemnd si sak FK10, der nemnda la vekt på at «[studenten] er nå på siste året av sin utdannelse og det vil følgelig forventes mer av [vedkommende] på dette tidspunktet i utdannelsen».

Vidare må forarbeida tolkast slik at også fagleg svake prestasjonar i nokon grad kan vektleggjast i heilskapsvurderinga etter dagens skikkavurderingsregel. Det er likevel neppe

---

<sup>58</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 16.

grunnlag for å vurdera studenten som uskikka basert på fagleg svake prestasjonar åleine. Då vil skikkavurderinga overlappa området for ordinære prøvingsformer i så stor grad at ein ikkje lenger kan kalla den ein «sikkerhetsventil» som «kommer i tillegg» til desse formene. Studenten sine personlege føresetnader vil framleis ha hovudvekta i vurderinga av om vedkomande er skikka eller ikkje.

Oppsummeringsvis viser forarbeida at ein i vurderinga av om ein student er «skikket» må gjera ei heilskapsvurdering av om studenten har tilstrekkelege faglege og personlege føresetnader for å kunna utføra det aktuelle yrket vedkomande utdannar seg til. Hovudvekta av vurderinga må ligga på dei personlege føresetnadene, då vurderinga skal koma i tillegg til dei ordinære vurderingane som evaluerer det faglege nivået til studenten. Terskelen for å vurdera studenten som uskikka er alltid høg, men vil vera høgare for studentar som framleis er i starten av utdanningsløpet.

### **3.1.4 Konkretiserte vurderingskriterium**

I skikkaforskrifta er det fleire føresegnar som inneheld kriterium til bruk i vurderinga av om studenten er «skikket» etter uhl. § 4-10.<sup>59</sup>

#### **Overordna vurderingstema**

Både skikkaforskrifta § 2 og §§ 3–5 inneheld moglege definisjonar av kva det vil seia å vera uskikka. Etter § 2 er studenten uskikka dersom vedkomande «utgjør en mulig fare» for ei av dei sårbare gruppene. § 2 er generell – den gjeld for «alle studenter», jf. andre avsnitt, det vil seie alle studentar som skikkavurderingsforskrifta omfattar, jf. § 1.

I §§ 3–5 finn ein derimot ulike meir konkrete kriterium for å vera uskikka, avhengig av utdanningskategori. Det er 8–9 ulike vilkår per forskriftsføresegn. Føresegna er formulert slik at alle vilkåra leier til same verknad, nemleg at studenten er uskikka. I føresegna som gjeld for helsefagstudentar, § 4, finn ein til dømes at

En student er uskikket i [helsefaglige utdanninger] dersom ett eller flere av følgende kriterier er oppfylt:

---

<sup>59</sup> Kriteria er lagt ved i vedlegg 2.

a) studenten viser manglende vilje eller evne til omsorg, forståelse og respekt for elever, pasienter, klienter eller brukere.

Både § 2 og §§ 3–5 inneheld altså ulike vilkår som leier til same verknad. Spørsmålet vert då kva relasjonen er mellom dei ulike reglane – er dei alternative, slik at det held at ein av reglane er oppfylt, eller må dei lesast i samanheng?

Då Kunnskapsdepartementet først fastsette forskrifta i 2006 kommenterte dei den samstundes i rundskriv F-2006-14. I kommentarane til §§ 3 og 4<sup>60</sup> uttaler departementet at

Vurderingen av en students skikkethet vil være sammensatt og kriteriene i bestemmelsene må suppleres med skjønn. Et minstekrav for å kunne stadfeste at det foreligger manglende skikkethet for yrket er likevel at minst ett av kriteriene som følger av § 3 og § 4, foreligger. Deretter må det vurderes om dette, alene eller sammen med andre forhold, utgjør en mulig fare barnehagebarns og elevers, eller pasienters, klienters og brukeres liv, fysiske og psykiske helse, rettigheter og sikkerhet i henhold til § 2.<sup>61</sup>

§§ 3–5 er altså meint som ei konkretisering av ulike typetilfelle som alle kan vera med på å oppfylla det overordna vurderingstemaet om studenten vil utgjera ein «mulig fare» etter § 2.

Ordlyden «skikket» må etter dette tolkast innskrenkande, slik at den berre rammar studentar som er ueigna for å gjennomføra yrket *på grunn av at dei utgjer ein «mulig fare»* for dei sårbare gruppene som dei vil koma i kontakt med i praksisstudium eller i yrket. Dette aukar terskelen for at studenten ikkje er «skikket» markant. Tingrettsdommen i sak FK09 kan vera illustrerande. Her presiserer retten at «Spørsmålet er om A er uskikket for psykologyrket. Det er ikke et spørsmål om han vil bli en god psykolog – eller et spørsmål om han burde bli psykolog.»<sup>62</sup> Ein skulle altså ikkje berre vurderer om studenten ville vera eigna for psykologyrket, men om han ville vera ueigna på ein måte som medførte mogleg fare.

Ordlyden «for de [brukere] studenten vil komme i kontakt med» i § 2 viser at brukargruppa for studenten sitt framtidige yrke er ein faktor i vurderinga av om studenten utgjer ein «mulig fare». Til dømes vil enkelte typar åtfærd eller føresetnader utgjera ein større fare for barna som ein barnehagelærarstudent vil kunna møta enn for elevane i vidaregåande skule som ein lektorstudent vil kunna møta.

---

<sup>60</sup> § 5 kom først til i forskriftsendringa i 2016, då teologiutdanninga fekk skikkavurdering.

<sup>61</sup> Rundskriv F-2006-14 s. 3–4.

<sup>62</sup> 15-139711TVI-STRO.

## Vurderingskriteria for dei enkelte utdanningane i §§ 3–5

Både rundskrivet og ordlyden «ett eller flere» i skikkaforskrifta §§ 3–5 viser vidare at ein må dokumentera slik «mulig fare» ved å påvisa at studenten oppfyller minst eitt av kriteria i desse føresegnene. Spørsmålet vidare vert difor kva slags åtferd studenten må utvisa for å oppfylle desse kriteria.

Felles for dei fleste av kriteria er at dei er vide og skjønnsmessige, noko andre forfattarar også har påpeikt.<sup>63</sup> Dette gjer at dei truleg ikkje kan innskrenka verkeområdet for «skikket»-vilkåret meir enn det som allereie følgjer av forarbeida sine føringar om at regelen er ein «sikkerhetsventil» og skikkaforskrifta § 2 sitt krav om at åtferda medfører ein «mulig fare» for brukargruppene. Vurderingskriteria kan likevel bidra til å konkretisera rammene for regelen på enkelte punkt.

Fem av vurderingskriteria for helsefaga er kommenterte med ein setning kvar i rundskriv F-2006-14. Elles er ingen av kriteria kommenterte i forarbeid, rundskriv eller juridisk litteratur. Dei må difor hovudsakleg forståast ut frå ordlyden åleine.

Sidan mange av kriteria er nokså like handsamar eg fleire av dei samla. Eg tek utgangspunkt i ordlyden i kriteria for helsefagutdanningar i § 4 i gjennomgangen under. Dersom kriteria for pedagogiske utdanningar eller teologiutdanninga i §§ 3 og 5 har eit avvik frå desse kommenterer eg dette kort.

### *Kriterium som gjeld manglande vilje eller evne*

Studentar kan vera uskikka etter § 4 a) dersom dei «viser manglande vilje eller evne til omsorg, forståelse og respekt for elever, pasienter, klienter eller brukere», eller etter § 4 b) dersom dei «viser manglande vilje eller evne til å samarbeide og til å etablere tillitsforhold og kommunisere med elever, pasienter, klienter, brukere, pårørende og samarbeidspartnere». Dei tilsvarande kriteria for lærar- og teologiutdanningane i §§ 3 a), b) og d) og §§ 5 a) og b) er stort sett like, med unntak av at brukargruppene er noko ulike. Teologstudentar og pedagogstudentar kan også vera uskikka etter § 3 b) og 5 c) dersom dei viser manglande vilje eller evne til å «skape et miljø som tar hensyn til barn, unge og voksnes sikkerhet og deres psykiske og fysiske helse».

---

<sup>63</sup> Bernt (2016) s. 155 og Taraldrud (2016) s. 628.

Pedagogstudentane kan i tillegg vera uskikka etter § 3 a) dersom dei viser manglande vilje eller evne til «å lede læringsprosesser for barn, unge og voksne i samsvar med mål og retningslinjer for barnehagens og skolens virksomhet». Dette er ei tilvising til læreplanane for dei ulike skuleverka, og studenten sine faglege, pedagogiske og personlege føresetnader må i slike tilfelle målast opp mot desse.

Det kan vera vanskeleg å kvantifisera kva som ligg i «manglande vilje eller evne», då synet på kva som er tilstrekkeleg vil kunna variera frå sakshandsamar til sakshandsamar. Også «omsorg, forståelse og respekt», «samarbeide», «tillitsforhold», «kommunisere» og «miljø» er uklåre og skjønsmessige storleikar.

Departementet snevvar verkeområdet for § 4 a) noko inn ved å presisera at det «Gjelder konkret adferd, ved mangel på omtanke og empati ovenfor svakstilte grupper». <sup>64</sup> Dette må lesast som eit krav til dokumentasjon av konkrete tilfelle av mangel på omtanke og empati som overgår terskelen for «mulig fare» etter § 2. Sjølv om kommentaren berre gjeld § 4 a), kan nemndspraksisen indikera at også andre skjønsmessige vurderingskriterium må forståast slik at det må dokumenterast konkrete tilfelle for at også dei skal vera oppfylte.

I nemndspraksis finst det fleire saker der desse reglane har vorte drøfta:

I FK07 var ein lærarstudent svært direkte overfor elevar og kollegaar då vedkommande var i praksis. Kommunikasjonsproblema under praksisopphaldet til studenten gjekk ut over tillit og samarbeid med tilsette og elevar. Studenten hadde ADHD og skikkanemnda ved institusjonen fann at det var «grunn til alvorlig bekymring for klagerens rolleforståelse og opptreden overfor elevar». I tillegg til §§ 3 a), b) og d) var § 3 e) oppfylt.

I FK17 hadde ein tannpleiarstudent vanskar med å kommunisera med pasientar og å utøva empati med desse. Felles klagenemnd fann at dette var godt dokumentert, mellom anna gjennom dokumenterte døme frå pasienthandsaming på sjukeheim der «klageren ikke klarer å formidle diagnose eller hvilken tannbehandling som skal igangsettes». I tillegg til §§ 4 a) og b) var §§ 4, e), f), g) og h) oppfylte.

I FK13 oppheva Felles klagenemnd eit utestengingsvedtak mot ein barnehagelærarstudent. Studenten kom ofte seint på jobb under praksisopphaldet, oppførte seg «invaderende» overfor barn og mangla oversikt over barnehagegruppa. Vedkommande klarte heller ikkje å etablere tillitsforhold

---

<sup>64</sup> F-2006-14 s. 4.

til foreldre i barnehagen. Nemnda meinte at denne åtferda verken enkeltvis eller samla kunne seiast å utgjera ein «mulig fare» for liv, helse eller rettar til barnehagebarn. I denne saka var berre §§ 3 a) og b) påståtte grunnlag for vedtak frå institusjonen si side.

Som tabellen over nemndssaker og døma over viser, vert «vilje eller evne»-kriteria som regel brukte som «støtteargument» saman med andre kriterium. I alle sakene har institusjonen påvist konkrete døme på åtferd som den meiner medfører «mulig fare». Ofte vil nettopp desse handlingane også oppfylle andre kriterium i tillegg.

Samla sett er desse kriteria svært skjønsmessige og vage, men terskelen som er etablert ut frå dei andre rettskjeldene medfører truleg ei presisering ved at ein må påvisa konkrete handlingar som medfører «mulig fare» for brukargruppene. Døma over viser at det i praksis kan vera vanskeleg å påvisa ein generell «mulig fare» dersom ein ikkje kan påvisa minst ei konkret handling som kjem over terskelen.

#### *Kriterium som gjeld manglande sjølvinnsikt og rolleforståing*

Studentar kan vera uskikka etter § 4 f) dersom dei «viser for liten grad av selvinnsikt i forbindelse med oppgaver i studiet og kommende yrkesrolle». Dette kriteriet er likt på tvers av utdanningane, jf. §§ 3 f) og 5 g). I tillegg kan teologi- og pedagogstudentane vera uskikka etter §§ 5 e) eller 3 c) dersom dei «unnlater å ta ansvar som rollemodell» for høvesvis barn og unge eller barn, unge og vaksne i samsvar med læreplanen.

Desse kriteria fører med seg mange av dei same utfordringane som «vilje eller evne»-kriteria over, ved at dei inneheld skjønnsprega formuleringar som «selvinnsikt», «yrkesrolle» og «rollemodell». Spesielt utfordrande kan det vera å kvantifisera sjølvinnsikt, noko som igjen gjer det vanskeleg å avgjera kva tid studenten viser dette i «for liten grad». Her står i praksis institusjonen nokså fritt til sjølv å definera kva som er tilstrekkeleg, og kravet om at den manglande sjølvinnsikta også må medføra «mulig fare» for brukargruppene kjem difor inn som ei avgrensing.

Teologistudentane kan vera uskikka etter eit eige kriterium i § 5 i) dersom dei «ikke er i stand til å utføre de yrkesmessige handlinger praksis krever». Kriteriet er ikkje kommentert i rundskrivet, og det har heller aldri vore brukt i praksis. Det kan difor vera vanskeleg å få tak på kva som er meint med dette. Det kan stillast spørsmål ved kva som ligg i å vera «i stand til», og kva for nokre «yrkesmessige handlinger» det er tale om. Truleg vil fysisk eller psykisk sjukdom som gjer det umogleg å gjennomføra vanlege arbeidsoppgåver for prestar

som preike og ritual falla innanfor. Sidan vurderinga gjeld presteyrket kan kanskje også visse former for religiøs overtyding falla innanfor. Dommen i Rt-1983-1004 kan fungera som illustrasjon: I denne saka nekta ein prest å gjennomføra kyrkjelege ritual på vegner av staten, fordi Noreg godtok sjølvbestemt abort. Høgsterett fann at presten si nekting av å utføra oppgåvene sine var gyldig oppseiingsgrunn, sjølv om den var grunngeven med religiøs overtyding. Terskelen for at ein skal kunna seia at studenten «ikke er i stand til» å gjennomføra oppgåvene sine på grunn av religiøs overtyding må likevel etter ordlyden vera høg, og på same måte som for kriteria som er nemnde over vil kravet om «mulig fare» for brukargruppene avgrensa verkeområdet for kriteriet ytterlegare.

Som med «vilje eller evne»-kriteria blir desse rolleforståing-kriteria som regel brukte som støtteargument saman med andre kriterium. Felles klagenemnd har ikkje vurdert nokon som uskikka basert på manglande sjølvinnsikt eller rolleforståing åleine, men har vurdert kriteria som oppfylte i fleire saker.

#### *Kriterium som gjeld klanderverdige handlingar*

Helsefagstudentar kan vera uskikka etter § 4 d) dersom dei «misbruker rusmidler eller tilegner seg medikamenter på ulovlig vis».

Orda «misbruker» og «tilegner» i føresegna viser at det må påvisast konkrete døme på den aktuelle åtferda. Taraldrud trekkjer også fram § 4 d) som døme på eit kriterium med krav om påviste handlingar.<sup>65</sup> Kriteriet er også kommentert av departementet i rundskriv, der ein viser til at påviste handlingar i strid med hpl. § 8 om «pliktmessig avhold» eller påvist tjuveri av medikament vil vera døme på åtferd som fell inn under kriteriet.<sup>66</sup>

Kva skal så til for at studenten «misbruker rusmidler»? Etter hpl. § 8 skal helsepersonell «ikke innta eller være påvirket av alkohol eller andre rusmidler i arbeidstiden». Når vurderinga etter § 4 d) skal samsvara med denne føresegna må dette truleg medføra at studenten ikkje kan bruka alhohol eller andre rusmiddel medan vedkomande er i praksis. I tvilstilfelle finst det mykje retts- og tilsynspraksis knytt til hpl. § 57 om inndraging av autorisasjon som kan vera illustrerande – normalt er rusmiddelmisbruk årsaka til at ein helsefagarbeidar er «uegnet» i om lag 2/3 av inndragingssakene etter føresegna.<sup>67</sup> Av denne praksisen går det på den eine

---

<sup>65</sup> Taraldrud (2016) s. 628

<sup>66</sup> F-2006-14 s. 4.

<sup>67</sup> Befring og Ohnstad (2010) s. 393.

sida fram at ein ikkje er «uegnet» dersom rusmiddelmissbruket er svært avgrensa og midlartidleg.<sup>68</sup> På den andre sida vil ein oftare vera «uegnet» dersom ein misbrukar stoff som ein har tilgang til gjennom yrket, slik at det er fare for tjuveri.<sup>69</sup> Dersom ein berre misbrukar rusmiddel i fritida vil ein likevel kunna vera «uegnet» dersom det kan påvisast at missbruket påverkar arbeidssituasjonen, til dømes ved at ein arbeider i bakrus.<sup>70</sup> Som nemnt vil ikkje denne praksisen ha direkte rettskjeldemessig vekt i skikkavurderingssaker, men sidan situasjonane er nokså like vil vurderingane og omsyna som ligg bak ha ein viss overføringsverdi, spesielt sidan ein i rundskrivet har vist til hpl. § 8.

Det er meir uklårt om studenten kan verta uskikka dersom bruken av alkohol eller andre rusmiddel berre påverkar ordinær undervisning ved institusjonen. Studentar på andre utdanningar kan ikkje utestengast for rusbruk med mindre slik rusbruk oppfyller vilkåra i andre utestengingsheimlar, som til dømes uhl. § 4-8 om gjenteken grovt forstyrrende åtferd. Med mindre ein kan påvisa at rusbruken i undervisninga medfører ein «mulig fare» for brukargruppene bør ikkje ein helsefagstudent stå svakare enn studentar på andre utdanningar i slike samanhengar.

Vidare tilseier ordlyden «misbruker» at vilkåret ikkje er oppfylt dersom studenten ikkje lenger misbrukar rusmiddel. Til illustrasjon vert også den tilsvarende regelen i hpl. § 57 tolka slik.<sup>71</sup>

Kriteriet om rusbruk gjeld berre for helsefagstudentar, som ofte vil ha tilgang til medikament i studiesituasjonen. Dersom studentar på andre utdanningar misbruker rusmiddel vil dette kunna falla inn i ei heilskapsvurdering etter andre kriterium, til dømes skikkaforskrifta §§ 3 e) eller 5 f).

Vidare kan studentar vera uskikka etter § 4 c) dersom dei «viser truende eller krenkende atferd i studiesituasjonen». Dette kriteriet er likt på tvers av utdanningane, jf. §§ 3 h) og 5 d). Helsefagstudentar kan også vera uskikka etter § 4 g) dersom dei «viser uaktsomhet og uansvarlighet som kan medføre risiko for skade av elever, pasienter, klienter eller brukere». Også for desse kriteria tilseier ordlyden at det må dokumenterast konkrete handlingar. Desse kriteria er ikkje kommenterte i andre rettskjelder, men etter mi meining må det ut frå ordlyden stillast krav om å påvisa åtferda like tydeleg som etter kriteriet om rusbruk og tjuveri som er

---

<sup>68</sup> *Ibid.* s. 397.

<sup>69</sup> *Ibid.* s. 396.

<sup>70</sup> *Ibid.*

<sup>71</sup> *Ibid.* s. 397.

omtalt over. Desse handlingane har til felles at dei ofte også vil vera straffbare, og strafferettslege prinsipp som uskuldspresumpsjonen vil difor også tilseia at ein må dokumentera konkrete tilfelle.

Det kan stillast spørsmål ved kva som er meint med at den truande eller krenkande åtferda må vera vist «i studiesituasjonen». I rundskriv har departementet framheva at *alle* vurderingskriteria i §§ 3–5 «normalt» vil vera tilknytt «studiesituasjonen, både teori- og praksisundervisningen», men at det skal gjerast ei heilskapsvurdering der også åtferd i andre situasjonar, «for eksempel hendelser i studentens fritid, kan tillegges vekt hvis de har, eller må antas å kunne ha, innvirkning på hvordan studenten vil utføre oppgavene i yrket.»

Når ein då har valt å eksplisitt avgrensa til åtferd i «studiesituasjonen» i dette eine kriteriet kan det tala for at truande og krenkande åtferd som skjer i fritida ikkje kan få vekt i vurderinga.

Om krenkande åtferd i fritida kunne oppfylle kriteriet i § 4 c) var tema i sak FK09. Studenten hadde ringt til medstudentar seint på kvelden og om natta, og vore sint fordi dei ikkje hadde kome på middag. Felles klagenemnd såg vilkåret som oppfylt på grunn av dette. Saka kom seinare opp i Sør-Trøndelag tingrett.<sup>72</sup> Tingretten la mykje mindre vekt på desse konkrete hendingane fordi dei hovudsakleg skjedde i ein privat samanheng, og fann at kriteriet ikkje var oppfylt.<sup>73</sup>

#### *Kriterium som gjeld personlege problem*

Studenten kan vera uskikka etter § 4 e) dersom vedkomande «har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser». Dette kriteriet er likt på tvers av utdanningane, jf. §§ 3 e) og 5 f).

Ordlyden «problemer» er så skjønnessig at dei fleste situasjonar som fell inn under andre kriterium i forskrifta truleg også vil kunna falla inn under denne ordlyden. Her vil tilleggsvilkåret «fungerer svært dårlig» auka terskelen for at vilkåret skal vera oppfylt. Ein kan likevel spørja seg om dette påverkar terskelen meir enn det vilkåret «mulig fare» allereie gjer. Truleg vil ein kunna seia at dersom åtferda medfører «mulig fare» for brukargruppene, så vil den vanlegvis også vera uttrykk for «problemer» som gjer at studenten «fungerer svært

---

<sup>72</sup> 15-139711TVI-STRO punkt 4.3.2.

<sup>73</sup> Dommen vart seinare overprøvd av Frostating lagmannsrett i sak 16-108669ASD-FROS, og er difor ikkje rettskraftig.

dårlig» i omgjevnadene sine. Dei nemnde sakene over om lærarstudenten i FK07 som hadde ADHD og tannpleiarstudenten i FK17 som mangla empati er begge døme på dette.

Departementet har i rundskriv presisert at vilkåret «Gjelder adferd i og utenfor studiet som er uforenlig med fremtidig yrkesutøvelse». <sup>74</sup> Denne kommentaren kan ikkje seiast å klargjera verkeområdet særleg, då kva som er «uforenlig» med yrkesutøvinga framleis vil vera ei svært skjønsmessig vurdering. Truleg må kommentaren sjåast i samanheng med dei generelle kommentarane til uhl. § 4-10 i forarbeida om at også «forhold som studenten ikke har «skyld» i, slik som alvorlige rusproblemer eller psykiske lidelser» kan tilleggjast vekt. <sup>75</sup> Ordlyden «problemer» viser såleis til meir enn studenten sine handlingar, den skal tydeleggjera for institusjonane at studenten også kan vera uskikka på grunn av tilhøve som vedkomande sjølv ikkje har kontroll over.

#### *Kriterium om manglande endring av åtferd etter rettleiing*

Studentar kan etter § 4 h) vera uskikka dersom dei «viser manglende vilje eller evne til å endre uakseptabel adferd i samsvar med veiledning». Kriteriet er likt på tvers av utdanningane, jf. §§ 3 g) og 5 h). Kriteriet er ikkje kommentert særskilt i andre rettskjelder.

Som med dei fleste av dei andre kriteria over er det fleire deler av ordlyden som her er vag og skjønsmessig. Når det gjeld «manglende vilje eller evne» viser eg til dei tilsvarande kriteria over. Ordlyden «uakseptabel adferd» kan minna om det nemnde «for liten grad av selvinnsikt i § 4 f) fordi det også her vil vera opp til institusjonen å definera kva som er «uakseptabel» åtferd. Også her vil «mulig fare» bidra til å avgrensa verkeområdet.

Det vil vera problematisk dersom dette kriteriet er det einaste som er oppfylt, for dersom ingen andre kriterium er oppfylte vil det vera vanskeleg å seia kva slags «uakseptabel adferd» studenten skulle ha endra. Nettopp dette gjer også at kriteriet etter ordlyden verkar overflødig: institusjonen har plikt til å gje utvida oppfølging og rettleiing etter skikkaforskrifta § 10. Ein må gå ut frå at dersom åtferda endrar seg etter rettleiing, så vert det aldri fatta uskikkavedtak. Dersom åtferda derimot ikkje endrar seg, så vil kriteriet om manglande endring alltid vera oppfylt.

---

<sup>74</sup> F-2006-14 s. 4.

<sup>75</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 10.

Kriteriet har vore oppfylt i dei fleste av utestengingsvedtaka i Felles klagenemnd, men har aldri vore det einaste oppfylte kriteriet i vurderinga.

#### *Avsluttande merknader til vurderingskriteria*

Som vist over vil det overordna vurderingskriteriet i § 2 om at studenten utgjer ein «mulig fare» for brukargruppene i realiteten måtta vera det avgjerande kriteriet for å kunna slå fast at studenten ikkje er «skikket» etter uhl. § 4-10: Dersom studenten først har gjort handlingar eller har føresetnader som gjer at kriteriet i § 2 er oppfylt, så er kriteria i §§ 3–5 så vide og skjønnsmessige at studenten også vil oppfylla minst eitt av desse. Spesielt gjeld dette dersom kriteriet om manglande endring av åtferd etter rettleiing kan stå åleine som einaste oppfylte kriterium, då dette som vist alltid vil kunna vera oppfylt før skikkanemnda ved institusjonen handsamar saka.

Kriteria i skikkaforskrifta §§ 3–5 må kanskje heller sjåast som pedagogiske eller rettleiande instrument. Dei kan bidra til likehandsaming på tvers av institusjonar og instansar ved å opplysa om døme på åtferd som kan falla innanfor ordlyden.<sup>76</sup> I tillegg kan dei bidra til rettsvise for studentane, som får forskrifta utdelt ved studiestart, jf. skikkaforskrifta § 6. Sist men ikkje minst vil dei stilla eksplisitte krav til innhaldet i grunngjevinga for uskikkavedtaket, noko som aukar studenten sitt høve til kontradiksjon.

Det kan likevel stillast spørsmål ved kor eigna dei er til å oppfylla desse funksjonane når dei, som vist over, er så vage og skjønnsmessige.

Saka i FK09, som vart handsama i både tingrett og lagmannsrett, kan fungera som døme. I denne saka fann Felles klagenemnd ein psykologstudent uskikka etter § 4 e). Nemnda viste til at studenten «viser ikke tilstrekkelig selvinnsikt, og evner ikke å ta til seg tilbakemeldinger. Når det gjelder skriftlig kommunikasjon, bruker klager et vanskelig og utydelig språk, som gjør det vanskelig å forstå budskapet i det han skriver. Klager bruker også et formalistisk språk ved muntlig kommunikasjon. Klager evner heller ikke å tilpasse seg sosiale normer, dette gjelder både under praksis og andre studiesituasjoner.» Samla var dette nok til å slå fast at studenten hadde «problemer» som gjorde at han fungerte «svært dårlig i forhold til sine omgivelser».

Tingretten kom til motsett resultat. Retten fann det bevist at studenten «ofte er sosialt utilpass. Og når det gjelder den skriftlige kommunikasjonsevnen, så burde den ha vært bedre. Retten mener likevel ut fra en helhetsvurdering at nemnda ikke hadde grunnlag for å konkludere med at A

---

<sup>76</sup> *Ibid.* s. 16.

fungerer svært dårlig overfor sine omgivelser.»

Lagmannsretten kom likevel til at grunngevinga til Felles klagenemnd «bygde på faktiske omstendigheter som bevislig forelå, og faktum som ble lagt til grunn for vedtaket oppfylte vilkårene for å anse A uskikket til psykologyrket». Felles klagenemnd sitt vedtak vart difor stadfesta.

Når tre ulike instansar kan vurdere det same sakstilhøvet så ulikt, er det rimeleg å tru at det også vil kunna vera variasjonar i tolkinga av vurderingskriteria mellom dei ulike institusjonane, spesielt sidan tilgjengelege ressursar og erfaring med skikkavurderingssaker vil variera mellom store og små institusjonar.

### 3.1.5 Utvida oppfølging og rettleiing

Skikkaforskrifta stiller opp ytterlegare eitt vilkår som må vera oppfylt i tillegg til vilkåra i §§ 2–5. Som nemnt innleiingsvis skal studenten etter § 10 (1) informerast skriftleg om at det er grunngeven tvil ved om vedkomande er skikka og kallast inn til ein «vurderingssamtale». Føremålet med denne samtalen er «å utrede saken og la studenten få presentere sin side av saken».<sup>77</sup>

Her «skal» studenten «få tilbud» om «utvidet oppfølging og veiledning» med mindre det er «åpenbart» at dette ikkje vil hjelpe studenten.

Ordlyden «tilbud» viser at studenten ikkje har ei rettsleg plikt til å gjennomføra slik rettleiing. I rundskrivet heiter det likevel at viss studenten ikkje gjennomfører heile rettleiings- og oppfølgingsopplegget, så «har studenten ikke hatt den nødvendige endring og utvikling, og institusjonsansvarlig kan dermed fremme saken for skikkethetsnemnda».<sup>78</sup> Dette viser at i praksis vil studenten likevel ikkje ha noko val dersom vedkomande ønskjer å unngå skikkavurdering i skikkanemnda ved institusjonen.

Ordlyden «utvidet» må tolkast som ein referanse til den alminnelege rettleiings- og varslingsplikta etter fvl. §§ 11 og 16, som såleis etablerer ei nedre grense for omfanget. Utover dette definerer ikkje forskrifta omfanget eller innhaldet i rettleiinga. Dette må definerast konkret i kvar enkelt sak, avhengig av kva som er årsaka til at det er tvil ved om

---

<sup>77</sup> F-2016-7 s. 8.

<sup>78</sup> *Ibid.*

studenten er skikka. Prinsippet om kontradiksjon tilseier likevel at studenten som eit minimum må få rettleiing om innhaldet i dei aktuelle føresegnene i lovteksten og i skikkaforskrifta, slik at vedkomande får ein reell sjanse til å motbevisa eventuelle grunnlause tvilsmeldingar. Innhaldet og omfanget av rettleiinga og oppfølginga vert fastsett av institusjonsansvarleg, som også er den som vurderer resultatet av desse.<sup>79</sup>

Ordlyden «skal» viser at institusjonen har ei plikt til å tilby slik rettleiing. Vidare viser «åpenbart» at det skal svært mykje til for at institusjonsansvarleg skal kunna omgå rettleiingsplikta og senda saka direkte til skikkavurderingsnemnda. Berre i saker der det utvilsamt ikkje vil hjelpa kan ein starta sak med ein gong.

Dette har vore eit tema i fleire av Felles klagenemnd sine saker. I FK15 skriv nemnda at «åpenbart»-unntaket «skal kun benyttes i helt spesielle tilfeller og må særskilt dokumenteres». Nemnda var einig i at studenten truleg oppfylte vilkåra i skikkaforskrifta §§ 4 g) og h), men den oppheva uskikkavedtaket fordi institusjonen ikkje hadde dokumentert at rettleiing var gjennomført eller at rettleiing «åpenbart» ikkje ville hjelpa studenten til å bli skikka.

På denne måten blir utvida oppfølging og rettleiing i seg sjølv eit materielt vilkår i vurderinga av om studenten er «skikket». Institusjonane må dokumentera tilbod om og eventuelt gjennomført utvida oppfølging og rettleiing utan resultat, eller at rettleiing «åpenbart» ikkje vil hjelpa. Konsekvensen dersom institusjonen ikkje kan dokumentera dette er at studenten ikkje kan vurderast som uskikka etter uhl. § 4-10. Dette må sjåast i samband med det alminnelege proporsjonalitetsprinsippet og forarbeida sin omtale av skikkavurdering som ein «sikkerhetsventil» som berre skal brukast dersom andre verkemiddel ikkje fører fram.

## 3.2 Kort om rettsverknadene

Som nemnt innleiingsvis i punkt 1.1.2 kan institusjonen fatta vedtak om at studenten ikkje er «skikket for yrket» dersom dei finn at grunnlaga for dette er oppfylt, jf. § 4-10 (3).

Rettsverknaden er då at studenten ikkje kan få vitnemål, jf. § 4-10 (2). Institusjonen kan i tillegg velja å stenga studenten ute i opptil 5 år, jf. § 4-10 (3) jf. skikkaforskrifta § 12.

---

<sup>79</sup> *Ibid.*

### 3.2.1 Val av reaksjonsform

Spørsmålet vidare er kva for ei reaksjonsform institusjonen skal velja dersom studenten ikkje er «skikket».

Etter forarbeida til den opphavlege skikkavurderingsregelen for lærarar skal uskikka studentar normalt utestengast, fordi «de forhold som fører til et uskikkethetsvedtak vil være såpass alvorlige og vedvarende at det ikke er rimelig å la vedkommende fullføre utdanningen».<sup>80</sup> Unntaksvís kan det likevel henda at «de forhold som gjør en student uskikket for læreryrket, er av en slik karakter at hun eller han fortsatt må karakteriseres som skikket til å fullføre en lærerutdanning, eller til å utøve andre yrker der lærerutdanningen gir en god bakgrunn.»<sup>81</sup>

Eit slikt unntak finn ein døme på i sak FK05, der ein lærarstudent vart utestengt frå utdanninga av Felles klagenemnd etter å ha kyssa ein 12 år gamal elev. Tingretten stadfesta at studenten var uskikka for læreryrket, men oppheva klagenemnda sitt vedtak om utestenging. Studenten hadde allereie gjennomført all praksisundervisning, så vedkomande ville ikkje ha meir kontakt med elevar i dei gjenverande delane av utdanninga. Retten viste til forarbeida som er siterte over, og påpeikte at studenten ville kunna «nyttiggjøre seg dette i et yrke som ikke medfører kontakt med barn og ungdom.»<sup>82</sup>

Både lovgjevar og tingretten ser slik ut til å leggja til grunn at eit utestengingsvedtak er vesentleg meir inngripande enn berre eit uskikkavedtak. Det kan likevel stillast spørsmål ved om skilnaden er så stor i praksis.

Som vist vil ein student som har fått uskikkavedtak ikkje kunna få vitnemål. I praksis tyder dette at studenten i staden berre vil få karakterutskrift som viser dei delene av utdanninga som vedkomande har greidd, jf. uhl. § 3-11 (2).<sup>83</sup> Dersom studenten ikkje vert utestengt kan vedkomande fortsetja å studera, men det vil ikkje vera mogleg for vedkomande å oppnå vitnemål utan å søka seg inn på ei anna utdanning og eventuelt få godskrive heile eller deler av utdanninga si der.

Dersom studenten vert utestengt mistar vedkomande studieplassen sin. Konsekvensen er då at studenten ikkje kan søka opptak til same utdanning igjen i løpet av utestengingsperioden, men vedkomande kan søka seg inn på ei anna utdanning. Akkurat som studenten som «berre» vart

---

<sup>80</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 10.

<sup>81</sup> *Ibid.*

<sup>82</sup> 11-126703TVI-OTIR/05 s. 9.

<sup>83</sup> Sjå også Ot.prp.nr.77 (1997-1998) s. 16.

vedteken uskikka får den utestengde studenten karakterutskrift for utdanninga som vedkomande har greidd, og denne kan eventuelt godskrivast i ei ny utdanning.

Desse to situasjonane er svært like. I praksis må uskikka studentar – anten dei er utestengde eller ikkje – byta studieprogram og gjennomføra ei anna utdanning enn den dei opphavleg starta på for å kunna få vitnemål. Dei må då normalt ta fleire nye emne for å oppfylla krava til den nye utdanninga dei har søkt seg inn på. Dette medfører ofte forseinka studieløp, med praktiske og økonomiske konsekvensar som høgare studielån. Dei økonomiske konsekvensane av å ikkje få vitnemål vil kunna auka ytterlegare dersom regjeringa får gjennomslag for forslaget sitt om statsbudsjett for 2019.<sup>84</sup> Her er eitt av forslaga at ein del av studielånet frå Statens lånekasse for utdanning ikkje skal omgjerast til stipend før ein har fullført ein grad – det vil seie før ein har fått vitnemål.

Både dei nemnde forarbeida og tingretten argumenterer med at å verta vurdert som uskikka ikkje er like hardt som å verta utestengd, fordi ein kan bruka utdanninga ein har tileigna seg i yrke der ein ikkje set brukargruppene i fare. I praksis vil likevel utdanninga ha liten praktisk verdi for ein arbeidsgjevar dersom den ikkje kan dokumenterast med eit vitnemål for fullført utdanning. Ein bør difor vera forsiktig med å sjå på uskikkavedtak som mindre inngripande enn utestengingsvedtak.

### 3.2.2 Tidsavgrensing

Etter skikkaforskrifta § 12 (2) kan utestenginga maksimalt vara i fem år. Tidsperioden vart utvida frå tre år med forskriftsendringa i 2016. Etter at utestengingsperioden er over kan studenten søka seg inn på den aktuelle utdanninga på ny.<sup>85</sup>

Utestengingsperioden kan vera kortare enn fem år, og dette vil ofte vera tilfelle. Ein skal berre utestengast så lenge dette er «nødvendig av hensyn til årsaken til at studenten er vurdert som ikke-skikket.»<sup>86</sup> Institusjonen må gjera ei vurdering av kor lenge dei trur årsaka til at studenten ikkje er skikka vil vera til stades. Dersom det er helsemessige problem som har gjort studenten uskikka vil det vera relevant å vurdere kor realistisk det er at vedkomande vert

---

<sup>84</sup> Prop.1 S (2018-2019) [Kunnskapsdepartementet] s. 21.

<sup>85</sup> F-2016-7 s. 9 og Ot.prp.nr.77 (1997-1998) s. 16.

<sup>86</sup> F-2016-7 s. 9.

frisk i løpet av utestengingsperioden. Også studenten sin alder og kor langt vedkomande har kome i utdanningsløpet kan spela inn i enkelte saker.

I FK18 hadde ein lærarstudent psykiske problem som gjorde at vedkomande ikkje var skikka for læraryrket. Institusjonen hadde vedteke utestenging i fem år, men Felles klagenemnd reduserte utestengingsperioden til to år, fordi opplysningane «om klagerens helsetilstand ikke er ensbetydende med at klageren vil være uskikket for all framtid. Verken nemnda eller [institusjonen] har oversikt over hvilke behandlingsmuligheter som eventuelt finnes for [studentens] helseproblemer. Denne usikkerhet gir grunnlag for å vise en viss tilbakeholdenhet med hensyn til utestengingsperiode.»

I FK16 hadde ein sjukepleiarstudent sendt seksualiserande og sjikanerande meldingar til medstudentar og oppført seg krenkande mot fleire personar som vedkomande var i kontakt med i første semester av studiet. Institusjonen vedtok utestenging i fem år, men Felles klagenemnd reduserte utestengingsperioden til tre år, fordi «klagaren berre har vore student i eitt semester. Sjølv om handlingane og utsegna til klagaren viser at [vedkomande] ikkje er skikka for yrket no, vil dette kunne endre seg framover. [Studenten] er vidare forholdsvis ung, noko som medfører at [vedkomande] vil ha føresetnad for å kunne betre si forståing av kva som krevjast for å utøve yrket som sjukepleiar om nokre år.»

Skikkaforskrifta § 12 spesifiserer berre at studenten kan «utestenges» i fem år, men seier ingenting om kor lenge eit vedtak om at ein ikkje er «skikket» etter uhl. § 4-10 (3) er gyldig. Perioden for kor lenge eit slikt vedtak er gyldig er heller ikkje definert nokon annan stad.

Sidan perioden for uskikkavedtak ikkje er spesifisert kan ordlyden tilseia at eit uskikkavedtak er permanent. Ein må likevel lesa regelen i samanheng med regelen om utestenging. Som vist over er vedtak om at ein berre er uskikka meint å vera eit mindre inngrep enn å verta utestengt. Det ville vore lite samanheng i regelverket dersom ein utestengt student fekk høve til ein ny sjanse ved å søka opptak på nytt etter maksimalt fem år, medan ein uskikka student aldri fekk høve til å oppnå vitnemål.

Samla sett viser dette at det også for vedtak om at studenten er uskikka må tolkast inn ei maksimal tidsramme på fem år. Etter mi meining burde dette ha kome tydelegare til uttrykk i lovteksten eller i forskrifta.

### 3.3 Er uskikkavedtak straff?

Som nemnt i punkt 2.2.1 kan forvaltningsrettslege sanksjonar vera rekna som straff etter EMK-retten, som også gjeld som norsk lov, jf. mrl. § 3. Det kan difor stillast spørsmål om uskikkavedtak eller utestenging etter skikkavurdering kan reknast som straff. Dersom dei kan det, vil det mellom anna reisa spørsmålet om ein kan rekna studentar for uskikka på grunn av straffbare handlingar som har ført til straffedom, eller om uskikkavedtak på eit slikt grunnlag vil vera ulovleg dobbeltstraff etter EMK P7 art. 4. Felles klagenemnd grunngav uskikkavedtak med at studenten gjorde straffbare handlingar som vedkomande også vart straffedømt for i FK05, der ein lærarstudent kyssa ein mindreårig elev, men spørsmålet om dobbeltstraff vart ikkje vurdert i saka.

Etter Engel-kriteria utleidd av EMD må vurderinga av om ein sanksjon er straff ta utgangspunkt i den nasjonale klassifiseringa av sanksjonen. Så må ein vurdere karakteren av og føremålet med lovregelen som er brukt og alvoret i sanksjonen det er tale om.<sup>87</sup> Staten sin skjønnsmargin er stor i saker som handlar om retten til utdanning, så den nasjonale klassifiseringa må i utgangspunktet ha stor vekt.<sup>88</sup>

Skikkavurderingssaker er klassifiserte som forvaltningsvedtak etter norsk rett, og utgangspunktet for vurderinga er difor at det ikkje er tale om straff.

Føremålet med vedtaket er som nemnt i punkt 3.1.2 å verna om sårbare grupper, og uskikkavedtak er meint som ein «sikkerhetsventil» der ordinære metodar som rettleiing eller stryk på eksamen ikkje vernar gruppene. At føremålet med uskikkavedtak og utestenging ikkje er pønalt taler såleis også mot at det er tale om straff.

Som vist i punkt 3.2.1 er både uskikkavedtak og utestengingsvedtak alvorlege inngrep for studenten det gjeld. Begge vedtaka vil vera inngrep i menneskeretten til utdanning etter GrL. § 109, og isolert sett kan dette tala for å rekna inngrepa som straff. Dette må likevel sjåast i lys av føremålet. Dei sårbare gruppene har også ein rett på vern mot fare, og lovgjevar har gjeve klare føringar om at studenten sine interesser må vika dersom rettane til desse gruppene står mot kvarandre.<sup>89</sup>

---

<sup>87</sup> Engel avsnitt 82.

<sup>88</sup> Sjørensen (2004) s. 143.

<sup>89</sup> Ot.prp.nr.77 (1997–1998) s. 9.

Samla sett viser dette at uskikka- og utestengingsvedtak etter skikkavurdering truleg ikkje vil vera straff, heller ikkje når grunnlaget for vurderinga er straffbare handlingar. Staten sin vide skjønnsmargin set i utgangspunktet opp ein høg terskel for at Engel-kriteria kan vera oppfylte, og det ikkje-pønale føremålet med vedtaket er i tillegg eit svært sterkt argument mot at det er tale om straff. Eit slikt vedtak kan kjennast nesten like inngripande som ein straffesanksjon for studenten, men dei sterke interessene i å verna sårbare grupper gjer at strafferettslege prinsipp som dobbeltstraffforbodet ikkje slår inn i desse sakene.

## 4 Studenten sin rettstryggleik i skikkavurderingssaker

Omgrepet rettstryggleik har ikkje ein fast og eintydig definisjon, men det er vanleg å skilja mellom rettstryggleikskrav og rettstryggleiksgarantiar. Når ein snakkar om krav om rettstryggleik, så vil ein som regel visa til generelle krav om rettsleg korrekte avgjerder, krav om trygging mot overgrep og vilkårlig maktbruk frå styresmaktene si side, krav om høve til å føresjå rettsstillinga si og krav om å kunna forsvara sine egne interesser.<sup>90</sup>

Rettstryggleiksgarantiar vert i denne konteksten dei konkrete reglane som skal oppfylle desse krava.<sup>91</sup>

### 4.1 Kort om prosessuell rettstryggleik

Det er vidare vanleg å skilja mellom prosessuelle og materielle rettstryggleikskrav.<sup>92</sup> Dei prosessuelle krava i skikkavurderingssaker er som nemnt i stor grad verna gjennom alminnelege sakshandsamingsreglar, først og fremst forvaltningslova.

Som vist over er dei materielle vilkåra i skikkavurderingssaker ofte vide og skjønsmessige, og då aukar krava til prosessuelle reglar som sikrar rettstryggleik. Det finst difor enkelte prosessuelle reglar i skikkavurderingssaker som går lenger enn alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Eit døme på dette er den nemnde regelen i skikkaforskrifta § 10 om utvida oppfølging og rettleiing,<sup>93</sup> som konkretiserer ei noko meir omfattande informasjons- og rettleiingsplikt enn det som følgjer av fvl. §§ 11 og 16. Eit anna døme er at studenten etter uhl. §§ 4-10 (5) jf. 4-8 (5) har rett til advokatbistand frå saka er reist i skikkanemnda. Etter § 4-11 (2) skal institusjonen dekkja studenten sine advokatutgifter til og med eit eventuelt søksmål «for tingretten». Truleg må denne ordlyden tolkast utvidande slik at studenten også får dekt utgiftene sine for lagmannsretten i tilfelle der studenten vinn saka i tingretten, men staten ankar til lagmannsretten og vinn der.<sup>94</sup> Dette vart løysinga i 16-

---

<sup>90</sup> Bernt og Rasmussen (2010) s. 46–53, Eckhoff og Smith (2014) s. 56 og Kjønstad og Syse (2008) s. 108.

<sup>91</sup> Kjønstad og Syse (2008) s. 108.

<sup>92</sup> Bernt og Rasmussen (2010) s. 46–53, Eckhoff og Smith (2014) s. 56–60 og Kjønstad og Syse (2008) s. 110–111.

<sup>93</sup> Sjå punkt 3.1.5.

<sup>94</sup> Bernt (2016) s. 156

108669ASD-FROS, og tilsvarende løysing følger av rettshjelpslova<sup>95</sup> § 22 (3). Retten til advokatbistand etter uhl. famnar vidare enn den retten studenten elles ville hatt etter rettshjelpslova § 16, då førstnemnde ikkje oppstiller vilkår for bistand.

Som nemnt fokuserer eg på materielle rettstryggleiksgarantiar i denne oppgåva, og eg går difor ikkje nærare inn på prosessuelle reglar her.

## 4.2 Materieell rettstryggleik

Her vil eg sjå nærare på korleis og i kva grad dei materielle reglane eg gjekk gjennom i del 3 vernar studenten sin rettstryggleik i skikkavurderingssaker. Eg vil spesielt ta føre meg i kor stor grad reglane sikrar omsyn til rettsvise og i kor stor grad domstolane kan overprøva dei materielle vurderingane.

### 4.2.1 Rettsvise

Prinsippet om rettsvise har nær samanheng med legalitetsprinsippet, som mellom anna kjem til uttrykk i Grl. § 113 der det heiter at styresmaktene må ha «grunnlag i lov» for å gjera inngrep overfor einskildmenneske. Ei motiverande årsak for legalitetsprinsippet er maktfordelingsprinsippet – legalitetsprinsippet sikrar at forvaltninga ikkje kan misbruka makta si ved at lovgjevar avgrensar kompetansen til å gjera inngrep. Denne motivasjonen ligg også bak retten til domstolsprøving som eg kjem tilbake til under – domstolane sikrar at ikkje forvaltninga misbrukar makta si ved å gå utover den kompetansen dei har fått tildelt. Samla sett vil maktfordelinga slik auka graden til rettsvise: borgarane skal kunna føreseia rettsstillinga si ut frå dei kjeldene dei har tilgang til.

I skikkavurderingssaker vil studentane normalt ha tilgang til både lovteksten og forskrifta, sistnemnde gjennom at institusjonane har plikt til å dela denne ut, jf. skikkaforskrifta § 6. Spørsmålet vert difor om desse kjeldene vil hjelpa studentane til å føreseia rettsstillinga si.

Som vist over er ordlyden i uhl. § 4-10 og i mange av vurderingskriteria i skikkaforskrifta vage og skjønsmessige, og i eit rettsviseseperspektiv kan dette vera problematisk på fleire måtar.

---

<sup>95</sup> Lov 35/1980.

For det første kan det, som vist i punkt 3.1.4, vera uklårt ut frå ordlyden om kriteria i høvesvis § 2 og §§ 3–5 i skikkaforskrifta er kumulative eller alternative. Som vist er dei kumulative, men dette går i hovudsak fram av rundskriva, altså rettskjelder som ikkje er lett tilgjengelege for studentane. I skikkavurderingssaker vil ei (feil)tolking av kriteria som alternative gjera at det verkar lettare å bli vurdert som uskikka enn det rettsregelen faktisk tilseier, fordi ein då vil kunna sjå bort frå det innskrenkande vilkåret om «mulig fare». At studentar potensielt kan tru at dei oppfyller vilkåra for å vera uskikka når dei i realiteten ikkje gjer det, kan skapa frykt for å bli «stempla» som uskikka og vera belastande for den det gjeld. Ei klårgjering av tilhøvet mellom § 2 og §§ 3–5 ville difor kunna auka graden av rettsvise.

For det andre er fleire av kriteria i §§ 3–5, som det overordna vilkåret i § 4-10, også svært skjønnsmessige og vage. Som vist kan det vera vanskeleg å vurdera kva som ligg i «manglende vilje eller evne», så desse kriteria bør ikkje brukast som einaste kriterium for uskikkavedtak. For studentane kan det likevel vera lite synleg om slik «manglende vilje eller evne» åleine er nok til utestenging frå studiet – at kriteria skal inngå i ei «heilskapsvurdering», eller at dei skal fungera som ein «sikkerhetsventil» går berre fram av forarbeida, som også er ei rettskjelde som ikkje er så tilgjengeleg for studentane.

Ei tydeleggjering for studentane av terskelen som følgjer av forarbeida, eller av at ein som regel må nytta fleire av kriteria i §§ 3–5 samstundes som deler av ei heilskapsvurdering, ville difor bidra til å styrka graden av rettsvise. Denne tydeleggjeringa bør skje i rettskjeldene som studentane enkelt har tilgang til, til dømes i skikkaforskrifta.

Fleire av dei prosessuelle reglane bidreg som nemnt til å auka graden av rettsvise, og dei vil derfor motverka ein del av dei negative konsekvensane av den uklåre lovteksten. Måten dette skjer på er likevel i stor grad gjennom tilvisingar til forskriftsteksten, så dei kan ofte ikkje auka graden av rettsvise i særleg større grad enn det skikkaforskrifta gjer i dag. Den beste måten å auka graden av rettsvise vil difor vera å utforma skikkaforskrifta med endringane nemnt i førre avsnitt.

## **4.2.2 Domstolane sin prøvingsrett**

Tilgangen borgaren har til domstolsprøving bidreg til materiell rettstryggleik ved å sikra at forvaltninga sine vedtak held seg innanfor gjeldande materielle rammer. Domstolsprøving oppfyller to viktige funksjonar. For det første sikrar domstolsprøving at studenten i ei konkret

sak har høve til å få ei uavhengig overprøving, gjort av ei anna statsmakt enn den som fatta avgjerda. For det andre vil domstolane sine avgjerder vera rettskjelder i tolkinga av framtidige saker, og på den måten kunna auka graden av rettsvisse og likehandsaming. Det er difor viktig å avklara kva domstolane kan prøva.

I uhl. § 4-11 (3) heiter det at retten «kan» prøva «alle sider av vedtaket». Føresegna viser at retten må prøva alle rettsvilkår, men at den kan velja om den vil overprøva vilkår underlagt forvaltningsskjønn. Spørsmålet blir difor for det første kva for nokre vilkår som er rettsvilkår i skikkavurderingssaker, og for det andre i kor stor grad domstolane kan velja å overprøva vilkår som er underlagt forvaltningsskjønn.

### **Kva for nokre vilkår er rettsvilkår?**

Det første spørsmålet er kva for nokre vilkår som er rettsvilkår, og kva for nokre vilkår som er underlagt forvaltningsskjønn. Etter uhl. § 4-10 (1)–(3) må studenten vera «skikket» for å få vitnemål, og etter (3) «kan» studenten utestengast dersom vedkomande ikkje er «skikket». Det er klårt at vurderinga av om studenten skal utestengast normalt vil vera underlagt forvaltningsskjønn, jf. ordlyden «kan».

Ordlyden «skikket» er som nemnt vag og skjønnsmessig, og det må difor vurderast om også dette vilkåret er underlagt forvaltningsskjønn. Problemstillinga er ikkje omtala direkte i forarbeida eller juridisk teori.

I Rt-1906-316 hadde ei lærarinne mista jobben fordi kommunen meinte at svangerskap gjorde ho «utskikket» for læraryrket etter dåverande byskulelov. Både vurderingskriteriet og sanksjonen i saka har store fellestrekk med uskikkavurderinga etter uhl. I denne saka fann Høgsterett at domstolen hadde full prøvingsrett av vilkåret fordi inngrepet var «saa alvorlig og vidtræffende». Det var også avgjerande at lovteksten si formulering ikkje eksplisitt gav kommunen kompetanse til å definera kva som låg i «utskikket» – det var i staden tale om eit objektivt vilkår.

I Rt-1995-1427 på s. 1433 og Rt-2007-1573 avsnitt 52 la Høgsterett til grunn som eit prinsipp at domstolane normalt kan prøva subsumsjonen ved vilkår som medfører inngrep mot enkeltpersonar, altså at desse i utgangspunktet er rettsvilkår. I sistnemnde dom er det likevel gjort unntak frå dette prinsippet for «utpregede skjønnsmessige vurderingstemaer» og tilfelle

der «vedtaket beror på en vurdering av utpreget faglig karakter på områder som domstolene ikke kan forventes å ha nødvendig innsikt i».

Uskikkavedtak er som vist eit inngrep overfor studenten, og dommane taler difor alle for at «skikket» er eit rettsvilkår. Som vist over vil det i mange saker heller ikkje vera slik at institusjonen kan seiast å ha større fagkompetanse enn domstolane – ei skikkavurderingsnemnd har til dømes truleg ikkje særleg mykje større kompetanse enn ein domstol til å vurdera om ein helsefagstudent har misbrukt rusmiddel.

Det kan rett nok vera tilfelle der grunnlaget for at studenten vert utestengt byggjer på vurderingar av meir fagleg karakter. I Rt-1975-603 på s. 606 framheva Høgsterett at sjølv om domstolen har høve til å overprøva skjønnsutøvinga tyder det likevel ikkje at den har plikt til å gjera dette. Ut frå denne dommen kan det tenkjast ei løysing der «skikket»-vilkåret må sjåast som underlagt forvaltningsskjønn i saker der grunngjevinga for vedtaket byggjer på studenten sine faglege føresetnader for yrket. Alvoret av inngrepet tilseier likevel at vilkåret etter mi meining bør prøvast av domstolen også i slike saker. Vurderinga av dette kan også sjåast som ein del av vurderinga av i kva grad domstolen skal overprøva forvaltningsskjønnet.

### **Skal domstolen også prøva forvaltningsskjønsmessige vurderingar?**

Som nemnt «kan» domstolen prøva «alle sider» av skikkavurderingsvedtak, jf. uhl. § 4-11 (3). Etter ordlyden «alle sider» skil regelen seg frå det alminnelege prinsippet om at domstolane berre kan overprøva lovtolkinga, ikkje innhaldet i forvaltningsskjønnet, sjå til dømes Rt-1995-738 på s. 741.

Isolert sett viser ordlyden «kan» at domstolane likevel ikkje har ei *plikt* til å overprøva skjønnet, slik domstolane motsetnadsvis har i tvangssaker etter tvistelova<sup>96</sup> § 36-5 (3), der det heiter at retten «skal» prøva alle sider av saka. Spørsmålet vert difor i kor stor grad domstolane kan velja om dei vil overprøva forvaltningsskjønnet i skikkavurderingssaker.

Regelen er ei vidareføring av universitetslova<sup>97</sup> § 48 (2), som hadde same ordlyd som dagens regel. Den er ikkje kommentert utfyllande i forarbeida, anna enn at «Departementet foreslår

---

<sup>96</sup> Lov 90/2005.

<sup>97</sup> Lov 77/1989.

videre at studenten i slik sak skal få prøvet alle sider av vedtaket».<sup>98</sup> Dette taler for at ordlyden «kan» i realiteten må tolkast som «skal».

Regelen vart så vidareført i gamle uhl. § 43 (3), då med ordlyden «Retten prøver alle sider av vedtaket.» Endringa av ordlyden er ikkje kommentert i forarbeida, men sett i samanheng med forarbeida til førre lovregel kan det tenkjast at ein ønskja å tydeleggjera fullstendig overprøving som ei plikt for domstolen. Endringa taler såleis også for at «kan» må tolkast som «skal».

Siste versjon av regelen er dagens uhl. § 4-11 (3), og her er som nemnt ordlyden «kan» tilbake igjen. Denne endringa er heller ikkje kommentert i forarbeida.

På den eine sida taler altså ordlyden «kan» for at domstolen sjølv vel om den vil overprøva forvaltninga sine vurderingar. Argumentet vert forsterka av at lovgjevar har valt å gjeninnføra ordlyden i den siste versjonen av regelen.

På den andre sida kan det verka som innføringa av «kan»-ordlyden ikkje er tiltenkt å ha ei realitetsendring. Den einaste kommentaren lovgjevar har gjeve om ordlyden i regelen er den som er sitert over, og alle forarbeid etter dette viser berre kort til at regelen er ei «videreføring av» eller «tilsvarer» den førre regelen i rekka.<sup>99</sup> Dette taler for at domstolen har ei plikt til å overprøva forvaltninga sine vurderingar.

Sjølv om ikkje endringa i ordlyden direkte er kommentert, så tek forarbeida til dagens regel opp grunngjevinga for å ha ein regel om domstolsprøving i det heile. Departementet framhever at retten til domstolsprøving er «begrunnet i særlege rettssikkerhetsbetraktningar» fordi utestenging er eit vesentleg inngrep. Vidare heiter det at studenten difor må «gis reelle muligheter for å overprøve vedtak av en slik karakter».<sup>100</sup>

Som vist over er domstolsprøving ein viktig rettstryggleiksgaranti for studenten både fordi den gjev høve til å få prøvd saka av ein uavhengig instans, men også fordi forvaltninga får ei eksternt korrektiv til sine eigne tolkingar i framtidige saker gjennom rettspraksis som rettskjelde. Begge desse garantiane vil verta kraftig svekka dersom verken studentane eller institusjonane kan vita om domstolen faktisk vil vurdera saka før den står for retten. Dette vert

---

<sup>98</sup> Ot.prp.nr.63 (1988–1989) s. 45.

<sup>99</sup> Ot.prp.nr.85 (1993–1994) s. 70, NOU 2003:25 s. 184 og Ot.prp.nr.79 (2003–2004) s. 85.

<sup>100</sup> Ot.prp.nr.79 (2003–2004) s. 42.

difor avgjerande: At skikkavurderingssaker er så inngripande for studenten og at vurderingane i dei aller fleste tilfelle byggjer på vurderingar av personlege føresetnader og ikkje på vurderingar som er av «utpreget faglig karakter», jf. Rt-2007-1573, gjer difor at vilkåret «kan» her må tolkast som «skal». Domstolane har etter dette ei plikt til å prøva «alle sider» av skikkavurderingsvedtak, jf. uhl. § 4-11 (3).

For heilskapen si skuld kan det nemnast at Bernt også ser ut til å føresetja at uhl. § 4-11 (3) må tolkast som ei plikt for domstolane til å prøva alle vilkår, rett nok utan at han viser til kjelder for dette synet.<sup>101</sup>

### 4.2.3 Andre materielle rettstryggleikskrav

I tillegg til rettsvise og retten til domstolsprøving er prinsippa om likehandsaming og proporsjonalitet sentrale materielle rettstryggleikskrav. Desse prinsippa er kjernane i høvesvis læra om forbod mot usakleg ulikehandsaming som også kjem til uttrykk i GrL. § 98 (2), og i den såkalla urimeleglæra, jf. til dømes Rt-1951-19 og Rt-1957-1190.<sup>102</sup> Lærene gjev grunnlag for overprøving av forvaltninga sitt skjønn. Som vist har domstolane uansett eit slikt grunnlag i uhl. § 4-11 (3) i skikkavurderingssaker. Prinsippa vert difor ikkje like avgjerande som rettstryggleikskrav i slike saker, og eg kjem ikkje til å drøfta dei utførleg her.

Eg vil likevel koma med nokre korte merknader til område der desse prinsippa byr på utfordringar. Sjølv om prinsippa ikkje er avgjerande for domstolsprøvinga er dei like fullt ideal for forvaltninga. Regelverket bør difor utformast for å sikra desse ideala i størst mogleg grad.

Eit døme på ei utfordring som gjeld likehandsaming er – som med rettsviseomsynet – at vage og skjønnsmessige vilkår opnar for ulike tolkingar frå sak til sak. For moglege løysingar viser eg til drøftinga av rettsvise over.

Eit døme på ei utfordring som gjeld proporsjonalitet er at uskikkavedtak, som vist i punkt 3.2.1 over, i nokre tilfelle må seiast å ramma studenten hardare enn naudsynt. Dette fordi dei i realiteten hindrar studentar i å oppnå fleire yrke som ikkje medfører kontakt med dei sårbare gruppene. Her ville truleg ei ordning med ulike typar vitnemål, etter modell av den gamle

---

<sup>101</sup> (2016) s. 156.

<sup>102</sup> Sjå også Søvig (2015) s. 13.

ordninga med lærarvitnemål og vitnemål for fullført lærarutdanning nemnt i punkt 2.1, kunna bidra til å nyansera inngrepsintensiteten for studenten.

Eit utslag av proporsjonalitetsprinsippet kan sjåast i tabellen over skikkavurderingssaker i punkt 2.2.2, der alle institusjonane i dei siste fire sakene har vedteke fem års utestenging. Dette er alle sakene som har kome opp etter at utestengingsperioden vart utvida til fem år i 2016. Felles klagenemnd stadfesta vedtaket i tre av sakene, men reduserte utestengingsperioden i alle. Som nemnt i punkt 3.2.2 skal utestengingsperioden etter rundskrivet berre vara så lenge det er «nødvendig» ut frå årsaka til uskikkavedtaket.<sup>103</sup> Klagenemnda har basert på dette mellom anna lagt vekt på studenten sin alder og progresjon i studiet i det som må sjåast som ei vurdering av proporsjonaliteten ved utestengingsperioden. Det gjenstår å sjå om også domstolane vil gjera liknande vurderingar av proporsjonaliteten ved utestengingsperioden i framtidige skikkavurderingssaker.

## 4.3 Konklusjon

Som vist bidreg ikkje dei materielle reglane i skikkavurderingssaker til å sikra rettstryggleiken til studenten i så stor grad som ein kunne venta. Det finst eit forbettringspotensiale både når det gjeld konkretisering av kriteria for uskikkavedtak i skikkaforskrifta og når det gjeld interne instruksar til institusjonane om korleis dei skal tolka kriteria. Det er positivt at terskelen for uskikkavedtak etter forarbeida og forskrifta er svært høg, men også dette kunne kome tydelegare fram for studentane på dei aktuelle utdanningane.

På same måte bør det tydeleggjerast at vilkåret «kan» i uhl. § 4-11 (3) må lesast som «skal». Dersom lovgjevar eventuelt har eit anna syn på dette bør dette tydeleggjerast, men av omsyn til studenten si rettsvise bør dette då skje med føringar om kva tid domstolen skal velja å overprøva og kva tid den skal la vera.

Samla sett finst det fleire rettstryggleiksgarantiar for studentar i skikkavurderingssaker. Dei fleste av desse er likevel prosessuelle garantiar som sikrar grundig og systematisk sakshandsaming. Slike prosessuelle garantiar kan vega opp for vage og vide materielle vilkår, men berre til eit visst punkt. Til dømes kan ikkje informasjon og rettleiing om

---

<sup>103</sup> F-2016-7 s. 9.

vurderingskriteria i skikkaforskrifta hjelpa studenten dersom vedkomande likevel ikkje i tilstrekkeleg grad kan føreseia korleis kriteria vil verta tolka i ei eventuell sak.

# 5 Kjelder

## 5.1 Litteratur

Aftenposten (2017) *Millioner deler i sosiale medier at de har blitt utsatt for seksuell trakassering* [<https://www.aftenposten.no/norge/i/oddaB/Millioner-deler-i-sosiale-medier-at-de-har-blitt-utsatt-for-seksuell-trakassering>] lasta ned 2.12.2018

Befring, Anne Kjersti og Bente Ohnstad (2010) *Helsepersonelloven* [3. utg] Bergen, Fagbokforlaget

Bernt, Jan Fridthjof (2000) *Lov om universiteter og høyskoler: Lov 01.05.1995 nr. 22 med kommentarer* [3. utg.] Bergen, Fagbokforlaget

Bernt, Jan Fridthjof (2006) *Universitets- og høyskoleloven av 2005 med kommentarer* [1. utg.] Bergen, Fagbokforlaget

Bernt, Jan Fridthjof (2016) *Universitets- og høyskoleloven: Lov 1. april 2005 nr. 15 med kommentarer* [2. utg.] Bergen, Fagbokforlaget

Bernt, Jan Fridthjof og Ørnulf Rasmussen (2010) *Frihagens forvaltningsrett bind 1* [2. utg.] Bergen, Fagbokforlaget

Eckhoff, Torstein og Eivind Smith (2014) *Forvaltningsrett* [10. utg.] Oslo, Universitetsforlaget

Gabrielsen, Egil (1993) *Skikkethetsvurdering i lærerutdanningen* Stavanger, Stavanger lærerhøgskole

Gabrielsen, Egil (red.) (2004) *Skikkethetsvurdering* Oslo, Universitetsforlaget

Gabrielsen, Egil (2004) «Fra lovparagraf til forskrift» i Egil Gabrielsen (red.) *Skikkethetsvurdering* Oslo, Universitetsforlaget

Gabrielsen, Egil og Anne-Grethe Naustdal (2015) «Den viktige og vanskelige skikkethetsvurderingen; hvilke utfordringer gir den universiteter og høyskoler?» *Uniped* årg. 38, 1, s. 7–22

- Graver, Hans Petter (2007) *Alminnelig forvaltningsrett* [3. utg.] Oslo, Universitetsforlaget
- Khrono (2017) *Flere er funnet uskikket* [<https://khrono.no/skikkethet/flere-er-funnet-uskikket/139919>] lasta ned 2.12.18
- Kjønstad, Asbjørn og Aslak Syse (2008) *Velferdsrett I* [4. utg.] Oslo, Gyldendal
- Lorentzen, Ranveig Sofie (2006) *Skikkethetsvurdering i praksis, – et etisk perspektiv*  
Trondheim, Dronning Mauds minne høyskole for førskolelærerutdanning
- Monsen, Erik (2012) *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk* Oslo, Cappelen Damm
- Spjelkavik, Johanne og Asbjørn Strandbakken (2013) «Om fusk i obligatorisk undervisning etter universitets- og høyskoleloven § 4-7 første ledd bokstav b» i Karl Harald Søvig, Sigrid Eskeland Schütz og Ørnulf Rasmussen (red.) *Undring og erkjennelse: festskrift til Jan Fridtjof Bernt* Bergen, Fagbokforlaget
- Sundby, Jørgen (2018) «Skikket til å bli psykolog» *Tidsskrift for Norsk psykologforening* vol. 55, 8, s 680–685
- Sørensen, Christian Børge (2004) «Læren om statens skjønnsmargin etter EMK og betydningen for norsk domstolskontroll med forvaltningen» *Tidsskrift for Rettsvitenskap* vol. 117, 1–2, s. 134–196
- Søvig, Karl Harald (2015) «Innledning» i Karl Harald Søvig (red.) *Forholdsmessighetsvurderinger i forvaltningsretten* Bergen, Fagbokforlaget
- Taraldrud, Karen Eg (2016) «Skikkethetsvurdering i høyere utdanning» *Lov og rett* vol. 55, 10, s. 624–639
- Taraldrud, Karen Eg (2018) *Oversikt over rettskildene* Oslo, Cappelen Damm
- Unneberg, Inge (2012) «Eksamensfusk ved universiteter og høyskoler» *Lov og rett* vol. 51, 8, s. 491–510

## 5.2 Lover

Lov 26. juni 1889 nr. 2 om Folkeskolen for Kjøbstæderne (byskulelova) [oppheva]

Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova, fvl.)

Lov 49/1973 om lærarutdanning (lærerutdanningslova) [oppheva]

Lov 35/1980 om fri rettshjelp (rettshjelplova)

Lov 77/1989 om universiteter og vitenskapelige høyskoler (universitetslova) [oppheva]

Lov 22/1995 om universiteter og høyskoler (gamle universitets- og høyskulelova, gamle uhl.) [oppheva]

Lov 61/1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Lov 30/1999 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettslova, mrl.)

Lov 64/1999 om helsepersonell m.v. (helsepersonellova, hpl.)

Lov 15/2005 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskulelova, uhl.)

Lov 90/2005 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvistelova, tvl.)

Lov 16/2006 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova, offl.)

Lov 16/2010 om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten (politiregisterlova)

## 5.3 Forskrifter

FOR-1999-08-16-946 Forskrift om skikkethetsvurdering i lærerutdanningene [oppheva]

FOR-2005-10-07-1109 Forskrift om hvilke utdanninger som skal omfattes av skikkethetsvurdering etter lov om universiteter og høyskoler § 4-10 [oppheva]

FOR-2005-10-10-1192 Forskrift om felles klagenemnd for behandling av klagesaker etter lov om universiteter og høyskoler § 4-7 til § 4-10

FOR-2006-06-30-859 Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning

## 5.4 Forarbeid og andre offentlige dokument

Ot.prp.nr.63 (1988–1989) Lov om universiteter og vitenskapelige høyskoler (universitetsloven)

Ot.prp.nr.85 (1993–1994) Om lov om høgre utdanning

Ot.prp.nr.77 (1997–1998) Om lov om oppheving av lov om lærarutdanning av 8. juni 1973 nr 49 og endringer i enkelte andre lover

Ot.prp.nr.40 (2001–2002) Om lov om endringer i lov 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler og lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell

NOU 2003:25 Ny lov om universiteter og høyskoler

Ot.prp.nr.79 (2003–2004) Om lov om universiteter og høyskoler

F-2006-14 Rundskriv fra Kunnskapsdepartementet til Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning [erstatta av F-2016-7]

Ot.prp.nr.71 (2008–2009) Om lov om endringer i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler

Ohnstad m.fl. (2011) *Skikkethetsarbeid i UH-institusjonene* (UHR-rapport)

[[https://www.uhr.no/\\_f/p1/iab936aab-09f8-4077-89d6-19c43036ff75/skikkethetsarbeid\\_i\\_uh\\_institusjonene\\_rapport\\_mars\\_2011.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/iab936aab-09f8-4077-89d6-19c43036ff75/skikkethetsarbeid_i_uh_institusjonene_rapport_mars_2011.pdf)] lasta ned 2.11.18.

Dok.nr.16 (2011-2012) Rapport fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven

St.meld.13 (2011–2012) Utdanning for velferd

Kunnskapsdepartementet (2015) *Høring om skikkethetsvurdering i høyere utdanning*

(høyringsnotat) [<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-om-skikkethetsvurdering-i-hoyere-utdanning/id2362414/>] lasta ned 2.12.18

Prop.99 L (2014–2015) Endringer i helsepersonelloven mv. (vilkår for autorisasjon)

F-2016-7 Rundskriv fra Kunnskapsdepartementet til Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning

Prop.1 S (2018-2019) [Kunnskapsdepartementet]

## **5.5 Rettspraksis**

### **Høgsterett**

Rt. 1906 s. 316

Rt. 1951 s. 19

Rt. 1957 s. 1190

Rt. 1975 s. 603

Rt. 1981 s. 745

Rt. 1983 s. 1004

Rt. 1995 s. 738

Rt. 1995 s. 1427

Rt. 2000 s. 1056

Rt. 2000 s. 1066

Rt. 2007 s. 1573

Rt. 2008 s. 560

Rt. 2011 s. 304

HR-2017-1620-U

## **Lagmannsrettane**

16-108669ASD-FROS

## **Tingrettane**

11-106739TVI-BBYR/01

11-126703TVI-OTIR/05

15-139711TVI-STRO

## **Den europeiske menneskerettsdomstolen**

EMD 1971 5100, Engel m.fl. mot Nederland

# 6 Vedlegg

## 6.1 Vedlegg 1: Universitets- og høgskulelova § 4-10

### *§ 4-10. Utestenging etter skikkethetsvurdering*

- (1) Kongen kan fastsette at i enkelte utdanninger skal institusjonen vurdere om den enkelte student er skikket for yrket. Skikkethetsvurdering skal foregå gjennom hele studiet.
- (2) Vitnemål for fullført utdanning forutsetter at studenten er vurdert som skikket for yrket.
- (3) Styret selv eller institusjonens klagenemnd, jf. § 5-1, kan etter innstilling fra en egen skikkethetsnemnd vedta at en student ikke er skikket for yrket. En student som ikke er skikket for yrket, kan utestenges fra studiet.
- (4) Vedtak om at en student ikke er skikket og om utestenging, treffes med minst to tredels flertall. Vedtak kan påklages av studenten etter reglene i forvaltningsloven. Departementet eller særskilt klageorgan oppnevnt av dette, jf. § 5-1 sjuende ledd, er klageinstans.
- (5) Studenten har rett til å la seg bistå av advokat eller annen talsperson fra sak er reist i skikkethetsnemnda. Utgiftene til dette dekkes av institusjonen i samsvar med § 4-8 femte ledd.
- (6) Departementet gir forskrift om skikkethetsvurdering i de enkelte utdanninger.

## 6.2 Vedlegg 2: Kriterium i skikkaforskrifta §§ 2–5

<b>Overordna vurderingstema (§ 2)</b>		
En student som utgjør en <b>mulig fare</b> for liv, fysisk og psykisk helse, rettigheter og sikkerhet til de pasienter, brukere, barnehagebarn, elever, eller andre studenten vil komme i kontakt med under praksisstudiene eller under fremtidig yrkesutøvelse, er ikke skikket for yrket.		
<b>Kriterium for pedagogiske utdanninger (§ 3)</b>	<b>Kriterium for helsefaglege utdanninger (§ 4)</b>	<b>Kriterium for teologiutdanninga (§ 5)</b>
<p>a) studenten viser manglende vilje eller evne til omsorg og til å lede læringsprosesser for barn, unge og voksne i samsvar med mål og retningslinjer for barnehagens og skolens virksomhet.</p> <p>b) studenten viser manglende vilje eller evne til å ha oversikt over hva som foregår i en barnegruppe eller klasse og ut fra dette skape et miljø som tar hensyn til barn, unge og voksnes sikkerhet og deres psykiske og fysiske helse.</p> <p>c) studenten unnlater å ta ansvar som rollemodell for barn, unge og voksne i samsvar med mål og retningslinjer for barnehagens og skolens virksomhet.</p> <p>d) studenten viser manglende vilje eller evne til å kommunisere og samarbeide med barn, unge og voksne.</p> <p>e) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser.</p> <p>f) studenten viser for liten grad av selvinnsikt i forbindelse med oppgaver i studiet eller kommende yrkesrolle.</p> <p>g) studenten viser manglende vilje eller evne til å endre uakseptabel adferd i samsvar med veiledning.</p> <p>h) studenten viser truende eller krenkende atferd i studiesituasjonen.</p>	<p>a) studenten viser manglende vilje eller evne til omsorg, forståelse og respekt for elever, pasienter, klienter eller brukere.</p> <p>b) studenten viser manglende vilje eller evne til å samarbeide og til å etablere tillitsforhold og kommunisere med elever, pasienter, klienter, brukere, pårørende og samarbeidspartnere.</p> <p>c) studenten viser truende eller krenkende atferd i studiesituasjonen.</p> <p>d) studenten misbruker rusmidler eller tilegner seg medikamenter på ulovlig vis.</p> <p>e) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser.</p> <p>f) studenten viser for liten grad av selvinnsikt i forbindelse med oppgaver i studiet og kommende yrkesrolle.</p> <p>g) studenten viser uaktsomhet og uansvarlighet som kan medføre risiko for skade av elever, pasienter, klienter eller brukere.</p> <p>h) studenten viser manglende vilje eller evne til å endre uakseptabel adferd i samsvar med veiledning.</p>	<p>a) studenten viser manglende vilje eller evne til omsorg, forståelse, innlevelse og respekt for de mennesker de møter i sitt arbeid.</p> <p>b) studenten viser manglende vilje eller evne til å samarbeide og til å etablere tillitsforhold og kommunisere med mennesker i sårbare livssituasjoner, pårørende og samarbeidspartnere.</p> <p>c) studenten viser manglende vilje eller evne til å skape et miljø som tar hensyn til barns, unges og voksnes sikkerhet og deres psykiske og fysiske helse.</p> <p>d) studenten viser truende eller krenkende atferd i studiesituasjonen eller overfor brukere, konfidenter eller barn, unge og voksne i sårbare livssituasjoner.</p> <p>e) studenten unnlater å ta ansvar som rollemodell for barn og unge.</p> <p>f) studenten har problemer av en slik art at han/hun fungerer svært dårlig i forhold til sine omgivelser.</p> <p>g) studenten viser for liten grad av selvinnsikt i forbindelse med oppgaver i profesjonsutdanningen og kommende yrkesrolle.</p> <p>h) studenten viser manglende vilje eller evne til å endre uakseptabel adferd i samsvar med veiledning.</p> <p>i) studenten er ikke i stand til å utføre de yrkesmessige handlinger praksis krever.</p>

### 6.3 Vedlegg 3: Lokal handsaming av skikkavurderingssaker per år

År	Tvilmeldingar handsama av institusjonsansvarleg	Samla tal på saker som er handsama i institusjonane sine skikkanemnder	Saker som fører til vedtak om at studenten berre er uskikka	Saker med vedtak om at studenten både er uskikka og utestengd
2007	57	2	0	2
2008	57	3	0	3
2009	45	5	0	4
2010	53	6	0	5
2011	53	4	0	2
2012	75	6	1	3
2013	94	3	0	1
2014	95	9	0	2
2015	147	6	1	3
2016	141	7	0	4
2017	220	24	0	6